




# BACHELOROPPGÅVE

HOVUDPROSJEKTRAPPORT

## Prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggefelt

22.05.15



EL2-305 Bacheloroppgåve  
Avdeling for ingeniør- og naturfag  
Mie Neumann (13) og Mariell Hermansen (7)

Prosjektnettstad:  
<http://studprosjekt.hisf.no/~15steia>

# STUDENTRAPPORT

Boks 523 , 6803 FØRDE. Tlf: 57722500, Faks: 57722501 www.hisf.no

|   |  |                         |
|---|--|-------------------------|
| <b>TITTEL</b><br>Prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggefelt   | <b>RAPPORTNR.</b><br>02  | <b>DATO</b><br>22.05.15 |
| <b>PROSJEKTTITTEL</b><br>EL2-305 Bacheloroppgåve  | <b>TILGJENGE</b><br>Open   | <b>TAL SIDER</b><br>71  |
| <b>FORFATTARAR</b><br><b>Mie Neumann</b><br><b>Mariell Hermansen</b>  | <b>ANSVARLEG RETTLEIAR</b><br><b>Oddbjørn Thune-Myklebust</b><br><b>PROSJEKTANSVARLEG</b><br><b>Nils Westerheim</b><br><b>RETTLEIAR</b><br><b>Joar Sande</b> |                         |
| <b>OPPDRAKGIVAR</b><br><b>Sunnfjord Energi</b>  |  |                         |
| <b>SAMANDRAG</b><br>Prosjektet omhandlar prosjektering av distribusjonsnett til eit nytt byggefelt på Sande. Hovudmålet i prosjektet har vore å utarbeida eit forslag til plassering av traséar og nettstasjon prosjektert i Netbas med tilhøyrande materialliste og kostnadsoverslag. Delmål har vore å vurdera HMS for prosjektet, vurdera magnetfelt i distribusjonsnettet og rekna ut økonomisk tverrsnitt. |  |                         |
| <b>SUMMARY</b><br>This project is about designing a power distribution system for a new housing development project in Sande. The main objective was to place feeders and the substation in the projecting tool Netbas, and develop supplementary equipment list and estimate total cost. In addition, we looked into environmental factors, magnetic fields, and economical cross-section for cables.          |  |                         |
| <b>EMNEORD</b><br>Prosjektering av distribusjonsnett, Netbas, nettstasjon, bacheloroppgåve  |  |                         |

## Føreord

Dette er hovudprosjektrapporten til vår bacheloroppgåve ved Høgskulen i Sogn og Fjordane våren 2015. Oppgåva utgjer 20 av totalt 180 studiepoeng som er kravet for ei bachelorgrad.

Oppgåva vår har vore å prosjektera distribusjonsnettet i det nye byggefeltet Storehaugen på Sande i Gauldalen kommune for oppdragsgiver Sunnfjord Energi.

Vi vil retta ein takk til rettleiar Oddbjørn Thune-Myklebust samt andre tilsette ved Sunnfjord Energi for at dei gav oss oppgåva og følgde godt opp.

Vi vil også takka rettleiarane våre, Nils Westerheim og Joar Sande, ved Høgskulen i Sogn og Fjordane avdeling for ingeniør- og naturfag for gode råd og hjelp.

Førde, 22.05.2015

Mie Neumann

Mariell Hermansen

## Samandrag

Prosjektet omhandlar prosjektering av distribusjonsnett med nettstasjon til eit nytt byggefelt på Sande i Gauldalen kommune. Prosjekteringen vart gjennomført for oppdragsgiver Sunnfjord Energi i dataprogrammet Netbas.

Vi har plassert ut abonnentar, traséar til kablar, nettstasjon og kabelskap i Netbas. Både høgspent- og lågspentkablene har trekkerøyre for fiber. Plasseringa av desse komponentane er plassert optimalt etter nøye vurdering.

Vi har vurdert HMS som omgrep, HMS i Sunnfjord Energi og HMS for prosjektet. Vi har vurdert magnetfelt og målt magnetfelt i eit tilsvarende TN-nett.

I REN sin kostnadskalkyle har vi utarbeida ei materialliste med mengdeberekning og berekna total kostnad av prosjektet. Vi kom til den totale summen av 983 203 kr. Vi har regna ut anleggsbidrag for å sjå kor mykje utbyggjar skal betala av investeringskostnadane. Vi har vurdert økonomisk tverrsnitt og funne ut at ved å nytta økonomisk tverrsnitt kunne vi ha spart 49 870 kr i investeringskostnad på dette prosjektet. Vi har likevel valt å nytta standard tverrsnitt.

I arbeidet med oppgåva har vi primært jobba med lågspentnettet og rapporten tek i hovudsak føre seg dette.

# Innhold

|  |     |
|--|-----|
| Føreord .....                                | II  |
| Samandrag .....                              | III |
| 1 Innleiing .....                            | 1   |
| 1.1 Problemstilling .....                    | 2   |
| 1.2 Mål .....                                | 2   |
| 1.3 Nytteverdi .....                         | 2   |
| 1.4 Metodar og verktøy .....                 | 2   |
| 1.5 Storehaugen byggefelt .....              | 3   |
| 2 Bakgrunn .....                             | 4   |
| 2.1 Kraftnett .....                          | 4   |
| 2.2 Energibruk i distribusjonsnettet .....   | 7   |
| 2.3 Utfordrande elektriske apparat .....     | 13  |
| 3 Komponentar .....                          | 15  |
| 3.1 Nettstasjon .....                        | 15  |
| 3.2 Transformator .....                      | 16  |
| 3.3 Kablar .....                             | 18  |
| 3.4 Kabelskap .....                          | 22  |
| 3.5 Tilknytingsskap .....                    | 25  |
| 3.6 Målar .....                              | 26  |
| 3.7 Fiber .....                              | 26  |
| 4 HMS .....                                  | 27  |
| 4.1 HMS-omgrepet .....                       | 27  |
| 4.2 Internkontrollforskrifta .....           | 27  |
| 4.3 SHA-omgrepet .....                       | 28  |
| 4.4 HMS i Sunnfjord Energi .....             | 29  |
| 4.5 HMS for Storehaugen byggefelt .....      | 33  |
| 5 Elektromagnetiske felt .....               | 36  |
| 5.1 Elektriske felt .....                    | 36  |
| 5.2 Magnetiske felt .....                    | 36  |
| 5.3 Magnetfelt og helserisiko .....          | 36  |
| 5.4 Myndigheitskrav .....                    | 36  |
| 5.5 Verdiar for magnetiske felt .....        | 37  |
| 5.6 Måling av magnetfelt .....               | 39  |
| 6 Prosjektering .....                        | 41  |
| 6.1 Plassering av komponentar i nettet ..... | 41  |

|  |           |
|--|-----------|
| 6.2 Dimensjonering av lågspentkabler ..... | 43        |
| 6.3 Dimensjonering av høgspentkabel .....  | 47        |
| 6.4 Dimensjonering av kabelskap .....      | 47        |
| 6.5 Dimensjonering av transformator .....  | 48        |
| 6.6 Vern .....                             | 48        |
| 6.7 Selektivitet .....                     | 50        |
| 6.8 Jordingssystem .....                   | 51        |
| 6.9 Resultat av prosjekteringen .....      | 52        |
| <b>7 Økonomi .....</b>                     | <b>53</b> |
| 7.1 Kostnadskalkyle .....                  | 53        |
| 7.2 Anleggsbidrag .....                    | 53        |
| 7.3 Økonomisk tverrsnitt .....             | 55        |
| <b>8 Konklusjon .....</b>                  | <b>60</b> |
| <b>9 Prosjektadministrasjon .....</b>      | <b>61</b> |
| 9.1 Organisering .....                     | 61        |
| 9.2 Gjennomføring i forhold til plan ..... | 61        |
| 9.3 Generell prosjektevaluering .....      | 62        |
| 9.4 Måloppnåing .....                      | 63        |
| 9.5 Arbeidsmetodar .....                   | 63        |
| 9.6 Møte .....                             | 63        |
| 9.7 Dokumentstyring .....                  | 63        |
| 9.8 Økonomi og ressursar .....             | 63        |
| 9.9 Nettstad .....                         | 63        |
| <b>10 Lister .....</b>                     | <b>64</b> |
| 10.1 Figurliste .....                      | 64        |
| 10.2 Tabelliste .....                      | 65        |
| 10.3 Formelliste .....                     | 65        |
| 10.4 Vedlegg .....                         | 66        |
| <b>11 Referansar .....</b>                 | <b>67</b> |

## 1 Innleiing

Ved Steiafeltet i Gaula kommune skal det komma eit nytt bustadområde, Storehaugen byggefelt. Det er Sunnfjord Energi som har områdekonsesjon her og dei må difor bygga ut distribusjonsnettet for å levera straum til dei om lag 45 nye kundane. Prosjektgruppa, Mie Neumann og Mariell Hermansen, har fått i oppdrag hjå Sunnfjord Energi å prosjektera nettet til det nye byggefeltet.

Vi skal i denne oppgåva ta føre oss prosjektering av distribusjonsnettet i Storehaugen byggefelt. Vi starta med å sjå på komponentane i distribusjonsnettet samt eigenskapane til eit distribusjonsnett og forbruk i nettet. Vidare skal vi plassera trasé, nettstasjon med transformator og kablar med trekkerøyr for fiber. Prosjekteringen skal gjennomførast i dataprogrammet Netbas. Vi skal så gjennomføra naudsynte berekningar for nettet for å sjå at det er tilstrekkeleg dimensjonert, for så å grunngje dei vala vi har teke. Vi vil også greia ut om HMS generelt, i Sunnfjord Energi spesielt og i prosjektet. Vi vil også vurdera magnetfelt, samt måla dette i eit felt tilsvarande Storehaugen byggefelt. Til slutt vil vi berekna og vurdera økonomisk tverrsnitt og utarbeida materialliste med mengdeberekning og berekna total kostnad av utbygging og anleggssbidrag.

Vi vil i rapporten og i prosjektet leggja hovudfokus på lågspenningsnettet og komponentane her. Vi ønskjer å skriva ein god og fullstendig rapport som kan nyttast som eit oppslagsverk.

## 1.1 Problemstilling

I samband med utbygginga av Storehaugen byggefelt må Sunnfjord Energi projektera eit nytt distribusjonsnett på staden. Det skal førast opp ein nettstasjon med transformator som har tilførsel frå 22 kV høgspentkabel. Frå nettstasjonen skal det leggjast matekablar til kabelskapa, og frå kabelskapa skal det leggast stikkablar til abonnentane. Saman med kablane skal det leggast trekkerøy for fiber. Ein skal utarbeida materialliste med mengdeberekning og utarbeida materialliste med mengdeberekning og berekna total kostnad for utbygginga ved hjelp av REN. Det skal også vurderast økonomisk tverrsnitt ved berekningar. HMS med magnetfelt skal utgreia og vurderast.

## 1.2 Mål

### 1.2.1 Hovudmål

- Prosjektera utbygging av distribusjonsnett for Storehaugen byggefelt.

### 1.2.2 Delmål

- Vurdera HMS for prosjektet og magnetfelt i distribusjonsnettet.
- Plassera trasé og nettstasjon i byggefeltet.
- Utarbeida materialliste med mengdeberekning.
- Berekna total kostnad og anleggsbidrag.
- Berekna og vurdera økonomisk tverrsnitt.

## 1.3 Nytteverdi

Oppdragsgivar kjem til å nytta resultatet av prosjekteringsarbeidet vårt i det vidare arbeidet med byggefeltet.

Vi har i prosjektarbeidet stilt spørsmål ved standardverdiar og metodar ved Sunnfjord Energi. For eksempel har vi undersøkt magnetfelt, noko det var lite kjennskap til i planavdelinga. Vi har også sett på økonomisk tverrsnitt og forbruk, og meiner dette er noko Sunnfjord Energi kan ha nytte av.

Elles reknar vi med fagstoffet i rapporten kan vera til nytte for kommande studentar som eit læreverk om korleis eit distribusjonsnett fungerer.

## 1.4 Metodar og verktøy

### 1.4.1 Netbas

Netbas er eit simuleringsverktøy utvikla for kraftbransjen av Powel AS. Programmet vert nytta for å dokumentera, planlegga, analysera, simulera og til å halda oversikt over komponentar og anlegg i distribusjonsnettet. I prosjektet har vi i hovudsak nytta Netbas til å planlegga og å analysera nettet. I vårt prosjektarbeid har vi nytta kart og nettskjema til å visualisera nettet.

### 1.4.2 REN

REN er eit kunnskapssenter som jobbar for å standardisera materiell og metodar. I eit REN-blad (ein type dokument) finn ein bransjeretningslinjer og standard metodar. På REN sin nettstad finn ein eit prosjektsystem med ein kostnadskalkyle ein kan laga materialliste med mengdeberekning og totalkostnad for prosjekt. REN tilbyr fleire andre tenester, men det er desse to vi har nytta i prosjekteringsarbeidet.

## 1.5 Storehaugen byggefelt

På Sande i Gauldal kommune skal det byggast eit nytt byggefelt med namnet Storehaugen byggefelt. Distribusjonsnettet som skal forsyna Storehaugen vert tilknytt det eksisterande nettet i bustadfeltet på Steia. I det høvet vert det naudsynt for Sunnfjord Energi å bygga ut distribusjonsnettet for å knyte til dei nye bustadane som vert oppført. Det er forventa byggestart hausten 2015.

### 1.5.1 Reguleringsplan til Storehaugen byggefelt

I byrjinga av prosjektet fekk vi utdelt fleire reguleringsplanar. Vi har teke utgangspunkt i den siste reguleringsplanen vi fekk før vi starta med prosjekteringen. Dette fører til at den reguleringsplanen vi har gått utifrå nødvendigvis ikkje er lik den endelige planen. Reguleringsplanen finn du som vedlegg nr 1. Ti av einebustadane i Storehaugen vert tilknytt eksisterande lågspentnett i Steiafeltet, og er difor ikkje med i dette prosjektet.

Sidan det er vanskeleg å fastslå kor mange bueinigar det vil verta på dei tomtene som er regulert for fleirmannsbustadar, har vi ikkje prosjektert med fleirmannsbustadar, men fleire enkeltbustadar på desse tomtene. Vi har då fått 45 abonnantar i distribusjonsnettet i Storehaugen byggefelt.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Kraftnett


Kraftnettet i Noreg er delt inn i tre nivå: distribusjonsnett, regionalnett og sentralnett. Distribusjonsnettet sørger for distribusjon av straum til sluttbrukarane. Regionalnettet er eit bindeledd mellom sentralnettet og distribusjonsnetta. Sentralnettet er eit landsdekkande nett som overfører elektrisk energi mellom landsdelane og nabolanda våre [1].

I denne oppgåva har vi berre sett på distribusjonsnettet. Distribusjonsnettet består av ein høgspenddel på opp til 22 kV og ein lågspenddel på 230 V eller 400 V.


Eit nett kan enten drivast som eit ringnett/maska nett eller eit strålenett/radielt nett. Figur 1, 2 og 3 syner korleis lågspentnett kan drivast enten som ringnett, strålenett eller ringnett med maska drift.

Utan feil vert ringnettet som oftast drive som eit strålenett, men med ein open brytar. Om det vert kabelfeil i ringnettet, vert den skadde kabelen kopla ut og den opne brytaren kopla inn. Dette gjev eit kort straumbrot i tilførselen til abonnentane, og ein høg leveringssikkerheit [1].


Ein kan også驱va eit ringnett med maska drift, det vil seie at det vert drive frå begge sider. Eit ringenett med maska drift har høg leveringssikkerheit sidan ein ved feil ikkje får noko straumbrot i tilførselen til abonnentane. Om eit nett skal koplast frå radiell drift til maska drift er det viktig å passa på at spenningane har like verdiar på dei sidene ein skal kopla saman, slik at det ikkje kjem for høge utjamningsstraumar som utløyser verna.



Figur 1 Oversikt over dei ulike nettnivåa med ulik oppbygging [2]



Figur 2 Lågspent maskenett drive som strålenett [1]



Figur 3 Lågspent strålenett [1]

Eit lågspentnett er bygd opp av nettstasjonar, kabelskap og abonnentar, samt kablane mellom desse. Frå nettstasjonen går det ein kabel ut til kvart kabelskap, og frå kabelskapa går det kablar ut til dei ulike abonnentane.

### 2.1.1 Fordelingssystem

Eit fordelingssystem beskriv jordsystemet og syner korleis straumen går fram til forbrukar.

#### Bokstavkodar:

Første bokstav seier noko om korleis fordelingssystemet er kopla til jord:

- T betyr at nøytralpunktet i transformatoren er jorda.
- I betyr at nøytralpunktet til transformatoren er isolert frå jord [1].

Andre bokstav syner korleis utsette leiande deler er kopla til jord:

- T betyr at utsette leiande deler er jorda.
- N betyr at utsette leiande deler er kopla til nøytralpunktet på transformatoren gjennom leidningsnettet [1].

Eventuelle etterfølgande bokstavar:

- C betyr at nøytralleiar (N) og beskyttelseleiar (P) vert ført fram som ein kombinert leiar (PEN)
- S betyr at Nøytralleiar (N) og beskyttelseleiar (PE) ver ført fram som separate leiarar [1].

#### IT-nett

Nøytralpunktet i transformatoren er isolert frå jord, men beskytta med eit overspenningsvern. Ved ei overspenning (lynnedslag) vil overspenningsvernet laga ein forbindelse og føra overspenninga til jord. I dette nettet vert det ikkje framført noko null-leiar, og spenninga mellom fasane er 230 V. Det er dette systemet som er mest vanleg i Noreg. Dette nettet krev eit større leidningstverrsnitt enn eit TN-nett, sidan straumane er høgare ved same effektuttak. Fordelen med eit IT-nett er at det er meir driftssikkert enn eit TN-nett, sidan sikringa ikkje løyser ut ved jordfeil, og dette vert difor nytta på mellom anna sjukehus [1].

#### TT-nett

Likt eit IT-nett, men nøytralpunktet i transformatoren er jorda [1].

### TN-nett

Det er dette systemet som vert nytta i heile Europa. Ein har gått over til dette systemet i Noreg også, og på sikt kjem heile Noreg til å få TN-system. I tillegg til dei tre fasane vert det i dette systemet ført fram ein PEN leiar (feller jord- og nøytralleiar). PEN leiaren vert splitta i PE- og N-leiar i fordelingsskapet. Ein kan då henta ut 400 V mellom dei tre fasane, eller 230 V mellom kvar av fasane og N-leiar. Ein annan fordel med ein TN-nett er at straumane er lågare, og det er mindre tap i overføringsnettet, noko som fører til at ein kan ha eit lågare leiartverrsnitt. Ein kan også henta ut høgare effekt ved lågare tverrsnitt enn i eit IT-nett. Ved jordfeil vert anlegget kopla ut automatisk, noko som fører til eit meir brannsikkert nett, men fører til at nettet ikkje kan nyttast der ein er avhengig av å ha driftssikkert nett som til dømes eit sjukehus [1].

### 2.1.2 Lovverk og samsvarserklæring

Netteigar er ansvarleg for at nettet har ein tilfredstillende kvalitet i høve til lover og forskrifter [3]. I figur 4 er pyramiden for tolking av lovverket vist. Frå FEF og NEK 440 kurs veit vi at på toppen er lover og forskrifter som begge er bindande. Under er veiledning, norm/standard, spesifikasjoner og bransjestandard som alle er frivillige. Vi har i dette prosjektet nytta REN sine anbefalingar som er ein bransjestandard, desse tilfredstiller lovene og forskriftene. REN refererer i sine anbefalingar til FEF 2006 (forskrift om elektriske forsyningsanlegg) og andre relevante lover, forskrifter og normer.



Figur 4 Pyramide for tolking av lovverket

FEF 2006 krev at det skal utarbeidast ei samsvarserklæring med tilhøyrande dokumentasjon etter utført arbeid. Samsvarserklæringa er ei stadfesting på at det utførte arbeidet er gjort i samsvar til forskrifter, normer, selskapsspesifikke og prosjektspesifikke krav. Anlegget skal testast og funksjonsprøvast i den grad det er mogleg for å verifisera at det oppfyller krava i forskriftena. Samsvarserklæringa skal innehalda følgjande for eit nytt anlegg:

- Namn og adresse til eigar av anlegget, den ansvarlege for prosjektering og utføring.
- Identifikasjon av anlegget.
- Oversikt over normer anvendt, andre publikasjoner og tekniske spesifikasjoner som anlegget er basert på.
- Dokumentasjon frå inspeksjon, testar og funksjonsprøving.
- Forsikring om at anlegget oppfyller krava i denne forskriftena.
- Underskrift av dei ansvarlege for prosjektering og utføring, i tillegg til dato for erklæringa [3].

Sidan distribusjonsnettet i Storehaugen byggefelt ikkje er ferdigstilt har vi ikkje utabeida ei samsvarserklæring.

## 2.2 Energibruk i distribusjonsnettet

Eit distribusjonsnett vert dimensjonert etter ei forventa belastning, både dagens belastning og for framtidas belastning. For å få eit nett som verken er overdimensjonert eller underdimensjonert er det essensielt at forventa belastning stemmer overeins med faktisk belastning i det ferdige distribusjonsnettet [4].

Når ein ser på belastninga i eit distribusjonsnett ser ein på momentan effektbruk [W] og årleg bruk av elektrisk energi [kWh]. Vi ser i dette delkapittelet på kva verdiar vi forventar for desse i distribusjonsnettet, både i dag og i framtida.

### 2.2.1 Årleg forbruk

Å vita årleg forbruk i distribusjonsnettet er relevant når ein skal rekna kostnaden av tap i nettet. Om ein reknar med eit for høgt årleg forbruk vil tapa i nettet truleg vera lågare enn berekna.

Årleg forbruk i eit bustadhus er gitt i kilowattimar [kWh]. Ifølge SSB nytta norske einebustadar i gjennomsnitt om lag 20 000 kWh elektrisitet i 2012. Energiforbruk per m<sup>2</sup> for alle typar hushald var 185 kWh/m<sup>2</sup> der 149 kWh/m<sup>2</sup> var elektrisitet [5]. I norske bustadar går 70 % av energiforbruket til oppvarming medan dei resterande 30 % går til elektrisitetsspesifikk energibruk. Energibruk knytt til oppvarming kan dekkast av fleire energiberarar som for eksempel elektrisitet, ved, solvarme, og så vidare. Med elektrisitetsspesifikk energibruk meiner ein elektrisitetsbruk til apparat som berre kan dekkast av elektrisitet slik som lys, vaskemaskin, kjøleskap og så vidare [6].

Bustadane i Storehaugen byggefelt må byggast etter gjeldande forskrifter. EU har vedteke at nye bygg innan utgangen av 2020 skal vera nesten nullenergibygningar, noko som kan påverka energirammene i teknisk forskrift for norske bygg. Om bustadane i Storehaugen byggefelt vert bygd før nye forskrifter vert innført, har dei ein årleg energibruk på 120 kWh/m<sup>2</sup> (alle energikjelder) ifølge tabell 1, noko som er lågare enn landsgjennomsnittet [6].

Tabell 1 Energirammer for bustadar [6]

|                                    | Årleg energibruk              |
|------------------------------------|-------------------------------|
| <b>Snitt eksisterande bygg</b>     | Om lag 200 kWh/m <sup>2</sup> |
| <b>Dagens forskrifter (TEK 10)</b> | 120 kWh/m <sup>2</sup>        |
| <b>Lågenerginivå</b>               | 95 kWh/m <sup>2</sup>         |
| <b>Passivhusnivå</b>               | 70 kWh/m <sup>2</sup>         |

Elektrisitetsforbruket i Storehaugen kjem truleg til å vera noko lågare enn landsgjennomsnittet grunna lågare oppvarmingsbehov. Forbruket som går til elektrisitetsspesifikke apparat vil nok vera likt landsgjennomsnittet. Vi har nytta landsgjennomsnittet i prosjekteringsarbeidet sidan vi har nytta Velanderkoeffisientar til å rekna ut maksimum samanfallande effektbruk i nettet. Dette kjem vi tilbake til seinare.

### Framtidig energibruk

NVE skriv følgjande om framskrivingar av energibruk i sin rapport om energibruk i fastlands-Noreg:

*Fler analyser vi har sett, skisserer imidlertid et fortsatt varmt klima fremover og en ytterligere innstramming av teknisk forskrift for bygninger, og begge deler bidrar på sikt til å dempe etterspørselen etter energi hos husholdninger og tjenesteytende næringer [6].*

Energibruken dei refererer til inkluderer energi frå andre kjelder enn elektrisitet. Energi til oppvarming vil verta redusert gjennom betre isolering i nye bustadar, noko som truleg vil bidra til ein reduksjon av den delen energi som går til oppvarmingsformål. Samtidig bidreg auka innetemperatur og auka bustadstorleik til å auka energibruken. Bruk av elektrisitetsspesifikt utstyr aukar, men grunna ei teknologisk utvikling vert dei enkelte apparata meir energieffektive. Nokre faktorar dreg opp forventa forbruk, mens andre dreg ned [6].

#### Elbil

Elbilen kan vera ei framtidig belastning i distribusjonsnettet. I tabell 2 er årleg elektrisitetsforbruk til nokre elbilar utrekna ved ulike køyrelengder.

Tabell 2 Årleg elektrisitetsforbruk for elbil ved køyrelengde 8 000 km, 12 000 km og 16 000 km

|                                       | 8 000 km  | 12 000 km | 16 000 km |
|---------------------------------------|-----------|-----------|-----------|
| <b>VW e-Golf</b> 1,27 kWh/mil [7]     | 1 016 kWh | 1 524 kWh | 2 032 kWh |
| <b>BMW i3</b> 1,29 kWh/mil [8]        | 1 032 kWh | 1 548 kWh | 2 064 kWh |
| <b>Tesla Model S</b> 2,07 kWh/mil [9] | 1 656 kWh | 2 484 kWh | 3 312 kWh |

Mange bebuarar i Storehaugen byggefelt vil truleg arbeida i Førde. Til Førde er det om lag 22 km, tur/retur om lag 44 km. Ved fulltidsarbeid reknar ein 230 arbeidsdagar i året [10]. Årleg køyrelengde til og frå jobb vert då 10 120 km. Difor vil ein elbil auka det årlege elektrisitetsforbruk hjå dei abonnentane som skaffar seg elbil med 1000 – 3000 kWh avhengig av køyrelengde, type bil og tal bilar per hushald.

#### Lokal fornybar elektrisitetsproduksjon

Lokal fornybar elektrisitetsproduksjon er produksjon av elektrisitet ved bruk av fornybare energikjelder i bustadfelta. Elektrisitetsproduksjonen vert kopla til elektrisitetsnettet gjennom ein plusskundeavtale. Frå 2015 gjev Enova støtte til å installasjon av dette og dekkjer opp til 35 % av dokumentert kostnad for installasjonen [11].

Plusskunde er ei ordning NVE har etablert for kundar som produserer elektrisitet til eige forbruk, men som i enkelttimar har overskotskraft som dei sel til nettet. Det lokale nettselskapet kan kjøpa krafta og betale netto energiledd (ein er friteken for å betala andre tariffledd for innmating av kraft). Ein plusskunde kan normalt ikkje ha ein årsproduksjon som er høgare enn eige årleg forbruk [12].

Solcelleanlegg er eit eksempel på lokal fornybar elektrisitetsproduksjon. Eit anlegg på 1 kW<sub>p</sub> kan typisk produsera 900-1000 kWh/år i Sør-Noreg og tek opp 5-10 m<sup>2</sup> montert på skråtak. 1 kW<sub>p</sub> vil sei at anlegget produsera 1 kW ved peak (maksimum) produksjon [13].

Nettet må vera høgt nok dimensjonert til å ta imot overskotskraft frå bustadane om det ver bygd ut lokal fornybar elektrisitetsproduksjon.

#### 2.2.2 Effektbruk i distribusjonsnettet

Nettselskapet må dimensjonera distribusjonsnettet slik det toler påkjenningane i belastnings-toppane. For å beskriva belastninga nyttar vi følgande utrykk for enkle abonnentar:

**Effektbruk** er storleiken på forbruket av elektrisitet gitt i Watt [W]. Av praktiske årsakar nyttar ein gjennomsnittleg forbruk av elektrisitet i ein relativt kort tidsperiode.

**Maksimum effektbruk** er den største belastninga som førekjem i eit tidsrom.

**Gjennomsnittleg effektbruk** er gjennomsnittleg effektbruk i eit spesifikt tidsrom (dag, veke, år).  
Eksempel: Gjennomsnittleg effektbruk var 4 kW for månaden.

For å beskriva den samla lasta til fleire abonnentar nyttar vi følgande utrykk:

**Samanlagt effektbruk** er summen av effektbruk frå ei gruppe laster i ein tidsperiode. Eksempel:  
Samanlagt effektbruk var 130 kW for byggefeltet mellom kl. 10:00 til kl. 10:10.

**Maksimum samanfallande effektbruk** er den høgaste summen av samanlagt effektbruk for ei gruppe i eit tidsrom. Eksempel: for ei veke var maksimum samanfallande effektbruk 300 kW i ein ti minutt tidsperiode.

**Maksimum ikkje-samanfallande effektbruk** er summen av individuelle maksimum effektbruk i ei gruppe utan førehald om at dei førekjem på same tid. Eksempel: For ei veka var maksimum ikkje-samanfallande effektbruk 500 kW over ein ti minutt tidsperiode.

#### *Effektbruk hjå individuell abonnent*

Effektbruk hjå ein abonnent vil variera gjennom dagen og året. Effektbruken stig når ein skrur på lyset, oppvaskmaskina og så vidare. Forbruket er ofte høgst om ettermiddagen når effektkrevjande apparat som komfyr, vaskemaskin og oppvaskmaskin vert nytta. Om abonnenten flyttar forbruket i lasttoppane utover dagen vil nettselskapet kunna dimensjonera nettet lågare [4].

Tabell 3 syner effektbruk og årleg elektrisitetsforbruk for nokre hushaldsapparat, samt ladeeffekt for elbilar ved bruk av vanleg stikkontakt og trefasekontakt. Viss alle apparata i tabell 3 utanom lading av elbil er i bruk samtidig vil effektbruken vera 19 115 W. Lading av elbil aleine kan krevja opp til 22 000 W.

Tabell 3 Elektrisitetsforbruk for nokre hushaldsapparat [14]

| Hushaldsapparat                        | Effektbruk (W): | Forbruk (kWh/år): |
|--|-----------------|-------------------|
| Kjøken                                 |                 |                   |
| Komfyr                                 | 2200            | 800               |
| Kaffitraktar                           | 1 500           | 270               |
| Ventilator                             | 75              | 10                |
| Oppvaskmaskin                          | 2 000           | 730               |
| Kjøleskap                              | 160             | 470               |
| Fryseboks                              | 175             | 640               |
| Brødristar                             | 1000            | 10                |
| Vaskerom                               |                 |                   |
| Vaskemaskin                            | 2 500           | 520               |
| Tørketrommel                           | 3 000           | 470               |
| Stove                                  |                 |                   |
| TV                                     | 100             | 110               |
| Stereoanlegg                           | 25              | 40                |
| Heile bustaden                         |                 |                   |
| Støvsugar                              | 1 000           | 50                |
| Oppvarming                             | 3 300           | 14 400            |
| Vassoppvarming                         | 1 000           | 3 600             |
| Lys                                    | 1 080           | 2 800             |
| Lading av elbil 230 V/16 A 1-fase [15] | <3 600          |                   |
| Lading av elbil 400 V/32 A 3-fase [15] | <22 000         |                   |

### Maksimum effektbruk

Erfaringstal frå nokre energiselskap i Noreg syner at maksimum effektbruk per abonnent er 10 kW for kvar einebustad. Maksimum effektbruk i rekkehus og leilegheiter er høvesvis 7 kW og 6 kW for kvar bustad [16].

Effektbruken hjå ein abonnent kan vera høgare enn 10 kW. Sunnfjord Energi lar einebustadar ha tre fasar og ei inntakssikring på 50 A. Dermed kan abonnementen teoretisk sett ha ein effektbruk på:

*Formel 1 Effekt ved tre fasar*

$$P = UI\sqrt{3} = 400 \cdot 50 \cdot \sqrt{3} = 34,6 \text{ kW}$$

Det er lite sannsynleg at abonnementane vil ha ein så høg effektbruk, men ved bruk av trefase lading av elbil på 22 kW eller anna effektkrevjande utstyr i tillegg til vanleg forbruk kan ein komma nærmere.

Inntakssikringa er dimensjonert på 50 A for å oppnå selektivitet i den elektriske installasjonen i bustaden.

Vi har teke utgangspunkt i at det berre er einebustadar i Storehaugen byggefelt, men det kjem også fleirmannsbustadar i feltet. I fleirmannsbustadar og leilegheiter gjev Sunnfjord Energi ein fase og inntakssikring på 63 A. Då kan kvar abonnent teoretisk sett ha ein effektbruk på:

*Formel 2 Effekt ved ein fase*

$$P = UI = 230 \cdot 63 = 14,5 \text{ kW}$$

### Transformatorlast

Transformatorlasta er summen av effektbruken til abonnementane som er tilkopla transformatoren i tillegg til tap i lågspennettet. Kundane vil ha ulike forbruksmønster, men det er likevel truleg at dei fleste abonnementar vil ha ein høgare effektbruk om morgonen og om ettermiddagen, enn elles i døgnet.

Legg ein saman effektbruken for alle abonnementane tilkopla transformatoren får ein samanlagt effektbruk. Teiknar ein døgnprofilen til transformatoren vil ein sjå eit jamnare effektbruk enn i døgnprofilen til ein enkelt abonnent [4].

Det er fleire måtar å rekna ut maksimal samanfallande belastning for ei gruppe abonnementar. Vi har sett på samanlagringsfaktor og Velanders formel. Ved å nytta fleire berekningsgrunnlag kan vi samanlikna svara og dimensjonera deretter.

### Samanlagringsfaktor

Samanlagringsfaktor kan reknast ut ved formel 3. Dess fleire abonnementar i gruppa dess lågare vil samanlagringsfaktoren vera [4].

*Formel 3 Samanlagringsfaktor [4]*

$$\text{Samanlagringsfaktor} = \frac{\text{Maksimum samanfallande effektbruk}}{\text{Maksimum ikkje – samanfallande effektbruk}}$$

REN har samla inn erfaringstal frå nokre energiselskap i Noreg som tilseier ein samanlagringsfaktor på 0,6 for 45 abonnementar [16]. Nyttar vi denne faktoren får vi ein maksimum samanfallande effektbruk i nettet på 270 kW for alle abonnementane, tilsvarende 6 kW per abonnent.

### Velanders formel

Velanders formel er ein annan metode for å rekna ut maksimum samanfallande effektbruk for ei gruppe laster med utgangspunkt i årleg elektrisitetsbehov til dei aktuelle abonnentane. Velanders formel bygger på koeffisientane K1 og K2 som er berekna utifrå forbruksmønsteret til abonnentane.

*Formel 4 Velanders formel [16]*

$$P = K1 \cdot E + K2 \cdot \sqrt{E}$$

der


|    |                       |       |
|----|-----------------------|-------|
| P  | Maksimum effektbruk   | [kW]  |
| E  | Samla energiforbruk   | [kWh] |
| K1 | Velanderkoeffisient 1 |       |
| K2 | Velanderkoeffisient 2 |       |

I Netbas vert maksimum effektbruk rekna ut for kvart knutepunkt med tilknytt årleg forbruk, grunna det andre leddet i formel 4 vil kvar abonent gje eit stadig lågare bidrag til den samla effektbruken når gruppa abonnentar vert større.

Vi har nytta koeffisientane som REN anbefaler for vestlandet. K1 = 0,00022 og K2 = 0,015 og ei brukstid for tap som er lik den inverse av K1 [17]. Vi har teke utgangspunkt i eit årleg forbruk på 20 000 kWh då dette er landsgjennomsnittet og Velanderkoeffisientane er rekna ut frå tidlegare forbruk. Ved eit forbruk på 20 000 kWh/år er maksimum effektbruk per abonent 6,6 kW, og maksimum samanfallande effektbruk for heile byggefeltet 219,8 kW.

SINTEF har også rekna ut Velanderkoeffisientar, desse er basert på blant anna belastningsundersøkingar i perioden 1980-1994. For einebustadar kom dei fram til K1 = 0,000253 og K2=0,007512 [18]. Ved bruk av desse koeffisientane og eit årleg forbruk på 20 000 kWh er maksimum effektbruk per abonent 6,1 kW, og maksimum samanfallande effektbruk for heile byggefeltet er 234,8 kW.

Dersom forbruksmønsteret endrar seg frå berekningsgrunnlaget vil ikkje Velanderkoeffisientane vi har nytta gje eit godt anslag for maksimum effektbruk. Ved Høgskolen i Sør-Trøndelag har ei gruppe studentar sett på korleis nye energireglar vil påverka dimensjoneringa av distribusjonsnettet. Dei har rekna ut nye Velanderkoeffisientar der dei har lagt til grunn forbruket til eit passivhus i Rogaland. Resultatet dei kom fram til gjev ein lågare samanlagringsfaktor som betyr at nettet kan dimensjoneras lågare enn tidelegare [19], sjå figur 5.



Figur 5 Samanlagra effektbruk per bustad for tidlegare byggeregler og for passivhus [19]

Det er usikkert om husa på Sande vil vera passivhus, men dei vil ha høgare krav til energieffektivitet enn tidlegare byggeregler har hatt. Korleis effektbruken endrar seg med strengare byggeforskrifter må utgreiast meir før ein kan dimensjonera etter det.

#### *Drøfting av effektbruk i distribusjonsnettet*

Velanderkoeffisientane vi har nytta gjev ein maksimum effektbruk hjå kvar abonnent på 6,6 kW. Dette er noko høgare enn ved bruk av SINTEF Velanderkoeffisientar, men lågare enn bransjen si erfaring tilseier. Ein maksimum effektbruk på 6,6 kW er truleg for lågt, spesielt om det vert vanleg med meir effektkrevjande hushaldsapparat.

Samla maksimum samanfallande effektbruk er 219,8 kW for heile byggefeltet ved bruk av våre Velanderkoeffisientar. Bransjen sine erfaringstal tilseier ein maksimum samanfallande effektbruk på 270 kW for byggefeltet. SINTEF sine Velanderkoeffisientar ligg midt imellom desse. Det er mindre sprik i verdiene her enn for maksimum effektbruk, og det er sannsynleg at maksimum effektbruk for heile byggefeltet vil ligga under 300 kW.

I prosjekteringsarbeidet har vi sett på verdiar for nettet ved 10 kW ikkje-samanfallande effektbruk, noko vi ser som verst tenkelege scenario. I tillegg har vi nytta Velanderkoeffisientane til REN og eit årleg elektrisitetsforbruk på 20 000 kWh.

#### *Smarte straummålarar og framtidig maksimal effektbruk*


Innan 1. januar 2019 skal alle straummålarar i Noreg bytast ut med smarte straummålarar. Desse målarane inngår i eit avansert måle- og styressystem (AMS) som gjev moglegheit for prising av straum etter gjeldande straumpolis. AMS skal gje kunden betre forståing og kontroll over eige straumforbruk slik at kunden kan nytta mindre straum når straumen er dyr. Straumen er generelt sett dyrast når det er kaldt, mellom kl 8 og 10, og mellom kl 16 og 18. Ekstra høg pris oppstår når det er høg etterspørsel, avgrensa produksjon eller avgrensa overføringskapasitet [20]. Reduksjon av forbruket på desse tidspunktene vil kunne dempa maksimum effektbruk, men effektbruken kan også gå opp på tidspunkt når straumen er billig.

Effektkrevjande apparat som gjennomstraumingsvassvarmer, induksjonskomfy og elbilar kan verta meir vanlege. Vi kjem tilbake til desse seinare i kapittelet. Desse kan bidra til å auka maksimum effektbruk i hushalda.

Ved lokal fornybar elektrisitetsproduksjon går effektflyten motsett veg av vanleg, altså frå abonnenten og ut i distribusjonsnettet. Så lenge den produserte effekten er lågare enn effektbruken nettet er dimensjonert for vil dette fungera.

#### 2.2.3 Reaktiv effekt og effektfaktor

Tidlegare har vi sett på aktiv effektbruk. Nokre laster dreg ein induktiv reaktiv effekt eller kapasitiv reaktiv effekt. I figur 6 er effekttrekanten vist, den syner samanhengen mellom tilsynelatande effekt [VA], reaktiv effekt [var] og aktiv effekt [W]. Effektfaktoren  $\cos\phi$  seier kor stor del av den tilsynelatande effekten som er aktiv effekt [21].



Figur 6 Effekttrekanten

Resistivie laster som til dømes varmeelement dreg ein aktiv effekt. Motorar og andre komponentar som inneheld ein spole er eksempel på induktive laster, ein induktiv last dreg ein induktiv reaktiv effekt. Ein kapasitiv last dreg ein kapasitiv reaktiv effekt. Mange komponentar dreg både ein aktiv og ein reaktiv effekt. I kap 3.2.1 ser vi på ekvivalentskjemaet til ein transformator, denne har ein impedans med ein resistiv og ein induktiv del. Ein kabel har ein impedans med ein resistiv og ein kapasitiv del.

Den reaktive effekten vert også overført gjennom distribusjonsnettet og utgjer ei ekstra belastning [21]. I Noreg er det vanleg å rekna med effektfaktor lik  $\cos\phi = 0,97$  [22], dette er ein høg effektfaktor og vil difor gje så små utslag i nettet at vi kan sjå bort frå den.

### 2.3 Utfordrande elektriske apparat

Nokre elektriske apparat er ei ekstra utfordrande last i distribusjonsnettet. Eit elektrisk apparat er utfordrande om det har hurtige av og påslag, vert slått av og på ofte (frekvens) eller om straumen apparatet trekkjer har forvrenging frå rein sinuskurve. Vi har i dette delkapittelet henta informasjon frå ein rapport frå SINTEF om *Håndtering av utfordrende elektriske apparat som tilknyttes elektrisitetsnettet* [23].

At eit apparat har hurtige av og påslag vil seie at det går frå å nytta lite effekt til mykje effekt på kort tid, og omvendt. Dette saman med kor ofte apparatet vert slått av og på kan gje utfordringar med å halda spenningens effektivverdi innanfor akseptable kvalitetsgrenser. Blinkande eller flimrande lys er eit teikn på slike forstyrningar.

Elektriske apparat som trekkjer ein straum med stor forvrenging frå rein sinus bidreg til å deformera forsyningsspenninga sin kurveform. Dette kan forårsaka større tap og varmegang i elektriske apparat samt i komponentar i både abonnementen sin installasjon og nettselskapet sitt nett. Ved store forvrengingar vil det medføra funksjonsfeil på elektriske apparat og elektronisk utstyr som for eksempel telefonforbindinger, havari på utstyr/apparat og fare for branntilløp.

Kor godt eit nett taklar utfordrande elektriske apparat er avhengig av kor sterkt nettet er. Vi kjem tilbake til kva eit sterkt nett er i delkapittel 6.2.2 Kortslutningsyting.

#### 2.3.1 Eksempel på utfordrande elektriske apparat

##### Gjennomstraumingsvassvarmar

Ein gjennomstraumingsvassvarmar er ein liten varmtvasstank med eit kraftig varmeelement som slår raskt inn og ut for å sørge for jamn temperatur til tappevatn. Dei finst med effektbruk frå 5 kW til 30 kW og det er dokumentert målingar om at desse kan slå det kraftige varmeelementet av og på så ofte som om lag kvart sekund. For å ikkje få store forstyrningar i spenninga må ein ha eit sterkt nett.

##### Direktestarta asynkronmotorar

Ein direktestarta asynkronmotor finn ein i nokre varmepumper og i høgtrykkspylarar. Dei fleste luft til luft varmepumper har inverterstyring slik at motoren kan startast, køyrast og stoppast jamt og mjukt i motsetning til å direktestarta motoren. Når ein startar ein direktestarta asynkronmotor fell spenninga i nettet betydeleg.

##### Elbilar

Vi nemnde tidlegare i kapittelet at ein elbil trekker ein effekt opp mot 3,6 kW (ein fase) eller 22 kW (tre fasar) ved lading. Om ladinga kjem på toppen av eksisterande belastningstoppar vil det kunne skapa utfordringar i nettet. I tillegg til den auka effektbruken kan ladaren i elbilen vera utfordrande. Straumen som ladaren trekker kan periodisk slåast heilt av og på under ladesyklusen, noko som skapar forstyrningar i spenninga i eit svakt nett.

*Induksjonskomfyr*

Induksjonskomfyrane har noko høgare effektbruk enn tradisjonelle komfyrar, noko som gjev ei litt tøffare belastning med tanke på spenningskvaliteten. Men induksjonskomfyren gjev også overharmoniske forstyrringar av 3, 5, 7, 11, 13 og så vidare orden [23]. Overharmoniske spenningar er sinusforma spenningar med ein frekvens lik nettfrekvensen multiplisert med eit heiltal. Høge kortslutningsstraumar er eit godt tiltak for å avgrensa overharmoniske spenningar [24].

### 3 Komponentar

I dette kapittelet beskriv vi komponentane som vert nytta i distribusjonsnettet vi har prosjektert. Vi tek igjen plassering og dimensjonering av dei i kapittel 6 som omhandler prosjekteringsarbeidet.

#### 3.1 Nettstasjon

Ein nettstasjon er bygningen transformatoren står i. Ein Nettstasjonen kan vera utforma som ein kiosk og kledd med trykkimpregnert trekledning. Fundamentet er av aluminium eller betong, og det vert nytta galvaniserte stålplater med høg korrosjonsfastheit. Dei er oftast prefabrikerte. I nettstasjonen finn ein SF6 isolerte anlegg (høgspenningstavle), lågspenningstavle, transformator og føringar til kablane. Alt dette er kopla til ei ringjord, for å sikra mot berøringspenning [25].

Vi har valt ein Simens Sinett 630 I, ein nettstasjon for innvendig betjening som vist i figur 7 [26]. Vi har plassert nettstasjonen midt i byggefeltet, dette for å få lågast mogleg spenningsfall, samt kortaste mogleg kabellengd. Frå nettstasjonen skal det seinare trekkast ein høgspentkabel, slik at nettet kan drivast som ringnett seinare.



Figur 7 Simens Sinnet I nettstasjon [27]

### 3.2 Transformator


I figur 8 ser du eit døme på ein transformator. Ein transformator omformar spenning frå eit spenningsnivå til eit eller fleire andre spenningsnivå ved hjelp av elektromagnetisk induksjon. Transformatoren sin primærspole vert kopla til ei vekselspenning som dannar eit magnetfelt i jernkjernen som påverkar sekundærspolen, det vert då indusert ei spenning i sekundærspolen. Storleiken på spenninga er avhengig av forholdet mellom vindingar på spolane. Om transformatoren har halvparten så mange vindingar på sekundærspolen som på primærspolen vil spenninga verta halvert. Om transformatoren har dobbelt så mange vindingar på sekundærspolen som på primærspolen vil spenninga verta fordobla [1], sjå figur 9.



Figur 8 Døme på transformator fra Møre Trafo [28]

#### 3.2.1 Materiell og oppbygging


Ein transformator består av ei jernkjerne med høg permeabilitet, viklinger av leiande material samt ei form for kjøling. Føremålet med kjølig er å få ei høg levetid for transformatoren [1].



Figur 9 Oppbygging av ein transformator med jernkjerne, primær- og sekundærside, viklingar og magnetfelt. [29]

### Transformatorens ekvivalentskjema

Ekvivalentskjemaet til ein enfasa transformator er vist i figur 10. Ekvivalentskjemaet gjer det enklare å rekna ut verdiar for transformatoren.



Figur 10 Ekvivalentskjema til enfasa transformator [4]

I transformatoren er det tap som er avhengige av belastninga og tomgangstap som ikkje er avhengige av belastninga. Ved tomgang er transformatoren tilkopla nettet på primærsida ( $V_S$ ) og sekundærsida ( $V_L$ ) er open. Det vil flyta ein liten straum som lagar fluksen på primærsida. På grunn av denne straumen får vi eit tomgangstap. Når transformatoren er i drift vil det også vera tap i  $Z_2$  og eit større tap i  $Z_1$  enn ved tomgang. På grunn av tapet i  $Z_1$  og  $Z_2$  vil spenninga på sekundærsida variera ved forskjellig belastning. Verknadsgraden til ein transformator er gitt i formel 5 [30].

Formel 5 Verknadsgrad for transformator [30]

$$\eta = \frac{n \cdot S_N \cdot \cos\varphi_2}{n \cdot S_N \cdot \cos\varphi_2 + P_0 + n^2 \cdot p_k}$$

der

$S_N$  transformatoren sin merkeeffekt [VA]

$P_0$  tomgangstap [W]

$p_k$  belastningstap ved merkestraum [W]

$\cos\varphi_2$  effektfaktor for lasta

$n$  belastningsfaktor

Transformatoren vi har valt har eit tomgangstap på 730 W og eit belastningstap ved merkestraum på 5200 W [31]. Denne har høgst verknadsgrad ved ein belastningsfaktor på 0,37.

#### 3.2.2 Val av transformator

Faktorar som tel ved dimensjonering av transformator er

- omgivnadstemperatur
- type belastning
- syklus på belastning, til dømes
  - varierande nivå på belastning
  - kontinuerleg jamn belastning

Om det er aktuelt må ein ta omsyn til andre faktorar som forventa årlege belastningsaukingar.

Ein kan normalt dela belastning inn i vanleg last og industrilast. Hushalda er kategorisert som vanleg last, der belastninga aukar og søkk i takt med temperatursvingingane. Belastninga er størst ved lågast temperatur (vinter) og lågast belastning ved høgaste temperatur (sommar). Industrilast er ofte

prosessbetinga og har på grunn av det relativt liten samanheng med omgivnadstemperaturen, noko som vil sei at ein kan få ei maksimal belastning om sommaren.

Tabell 4 Tabell over utetemperatur og lastfaktor til transformator

| Utetemperatur       | Lastfaktor |      |     |
|---------------------|------------|------|-----|
| Transformatorklasse | 10         | 20   | 30  |
| -30 °C              |            |      | 1,2 |
| -20 °C              |            | 1,2  | 1,1 |
| -10 °C              | 1,2        | 1,1  | 1   |
| 0 °C                | 1,1        | 1    | 0,9 |
| 10 °C               | 1          | 0,9  | 0,8 |
| 20 °C               | 0,9        | 0,77 | 0,6 |
| 30 °C               | 0,8        | 0,64 |     |
| 35 °C               | 0,75       | 0,55 |     |

Tabell 4 syner lastfaktorar ved forskjellige utetemperaturar. Lastfaktoren er ein faktor for kor mykje av nominell transformatorbelastning ein kan nytta. Nettstasjonar kan plasserast i klasse 10, 20 og 30 som syner om temperaturen rundt fordelingstransformatoren er 10, 20 eller 30 °C høgare enn utetemperaturen. Ein ser at når utetemperaturen er låg går lastfaktoren over 1, dermed kan ein belasta transformatoren over merkeyting [32].

Vi har valt å nytta ein 630 kVA transformator frå Møre Trafo. Møre Trafo nytta ein naftenskt mineralolje, Nynas Nytra 10XN. Denne oljen har svært gode kjøle- og isolasjonseigenskapar og oppfyller krava til IEC 60296. IEC 60296 er ein internasjonal standard for væsker i elektrotekniske applikasjoner, oljer i transformatorar og gir [33].


### 3.3 Kablar

Ein kabel består av ein eller fleire leiarar med isolasjon og beskyttelseskappe. Kabelen vert nytta til å overføra elektrisk energi [34]. Vi delar opp i lågspent- og høgspentkablar, der lågspentkablane kan nyttast for spenningar opp til 1 kV og høgspentkablane for spenningar opp til 24 kV. I Storehaugen byggefelt ver det lagt meir lågspentkabel til å forsyna abonnentane enn høgspentkabel sidan høgspentnettet er like ved.

### 3.3.1 Lågspentkablar

Etter bruksområde deler vi opp i matekabel og stikkabel. Matekabelen forsyner kabelskapa med elektrisk energi frå nettstasjon eller overliggende kabelskap. Stikkabelen forsyner abonnentane med elektrisk energi frå kabelskapet.

Vi nyttar kabeltypen TFXP-O 1 kV 8-tall frå leverandøren Nexans til matekabel og stikkabel. Kabelen ser du i figur 11. Denne kabelen er godkjend for bruk i jord utan ekstra beskyttelse og har eit fiberrøyr til blåsing av fiber. Maksimum temperatur i leiaren er 90 °C ved normal drift og 250 °C ved kortslutning [35].



Figur 11 TFXP-O 1 kV med fiberrøyr (8-tall) [35]

#### *Leiar*

Det vert stilt krav til leiarmaterialet om låg resistivitet, høg strekkfastheit, gode korrosjonseigenskapar, gode skøyteeigenskapar og låg pris. Kva krav som er viktigast er avhengig av bruksområde. Til kablar og lågspente luftleidningar der dei mekaniske påkjenningane er låge nyttar ein rein aluminium. Leiara til lågspentkablar er sektorforma [34]. Kabelen har fire fleirråda, gløða aluminiumsleiarar som vist i figur 11 [35].

#### *Isolasjon*

Isolasjonen skal isolera leiarar frå kvarandre og frå jord. Isolasjonsmaterialet skal ha høg resistivitet, god varmeleidningsevne, små dielektriske tap, gode korrosjonseigenskapar, liten elding, låg pris og høg gjennomslagsfasthet, og vera lett å bearbeida og tolra høge temperaturar [34]. Isolasjonen i kabelen vi nyttar er av materialet PEX, kryssbunden polyetylen [35].

#### *Beskyttelseskappe*

Beskyttelseskappa beskytter isolasjonen og leiarane mot ytre påkjenningar som fuktigkeit, kjemiske og mekaniske påkjenningar. For kablar som er utsett for minimale mekaniske påkjenningar kan beskyttelsen vera ei enkel PVC kappe. For jordkablar er det vanleg med ytterligare mekanisk beskyttelse i form av bandjern og asfalt [34]. Kabelen vi nyttar har dobbel beskyttelseskappe av PVC. For å forenkla avmantling er det ein strippetråd under indre kappe [35].

#### *Dimensjonering*

I Sunnfjord Energi nyttar dei tverrsnitta 240 mm<sup>2</sup> til matekabel og 50 mm<sup>2</sup> til stikkabel, desse kan belastast med 435 A og 180 A. Kablane kjem også i tverrsnitta 25 mm<sup>2</sup>, 95 mm<sup>2</sup> og 150 mm<sup>2</sup> [35]. Dei har valt å nyta to tverrsnitt av praktiske årsakar som mindre lagerhald og enklare montering (mindre tvil). Ved å velja 240 mm<sup>2</sup> for matekabel er ein sikra at kortslutingsstraumane ikkje vert for låge eller at spenningsfallet blir for høgt. Sidan kortslutingsstraumane er avhengige av tverrsnittet kan stikkablane trekkjast lenger ved bruk av 50 mm<sup>2</sup> enn ved eit lågare tverrsnitt.


### 3.3.2 Høgspentkabel

Nettstasjonen i Storehaugen byggefelt vert kopla til 22 kV nettet med ein høgspentkabel til nettstasjonen i Steia byggefelt.

Vi nyttar kabeltypen TSLF-OJ 24 kV som vist i figur 12 og 13. Dette er standard høgspentkabel hjå Sunnfjord Energi. Kabelen kan leggast direkte i jord, i rør eller kanal i jord og innandørs. Den har som lågspentkabelen fiberrøyr til blåsing av fiber, og maksimum temperatur i leiaren er 90 °C ved normal drift og 250 °C ved kortslutning [35].



Figur 12 TSLF-OJ [35]



Figur 13 TSLF-OJ [35]

#### Leiar

Som for lågspentkabler er det krav til leiarmaterialet om låg resistivitet, høg strekkfasthet, gode korrosjonseigenskapar, gode skøyteeigenskapar og låg pris. For lågspentkabler er leiarane sektorforma, men ved høgare spenningar må leiaren vera rund for å få betre feltfordeling i isolasjonen [34]. Leiaren i kabelen er av fleirtråda, komprimert aluminium fylt med svellpulver [35].

#### Indre halvleiar

Indre halvleiar av ekstrudert, tverrbunde halvleiande lag [35].

#### Isolasjon

Som får lågspentkabel skal isolasjonen skal isolera leiarar frå kvarandre og frå jord [34]. Isolasjon av ekstrudert, tørrvulkanisert polyetylen (PEX) [35].

#### Ytre halvleiar

Ytre halvleiar er ekstrudert, halvleiande lag [35].

#### Skjerm

Det elektriskefeltet til ladningane i leiaren er avgrensa ved skjermen [4]. Skjermen er av eit lag med runde, glødde kobbartrådar [35].

#### Svelleband

Eit lag svellande band for å hindre langsinntrengande vatn. Svellebandet er påført med fuge for å sikra elektrisk kontakt mellom skjermen og aluminiumslaminatet som ligg over svellebandet. Dette betyr at det ikkje er naudsynt med separat jording av aluminiumslaminatet i skøytar og endeavsluttingar [35].

#### Diffusjonssperre

Diffusjonssperre er av eit lag aluminiumslaminat med overlapp limt fast til ytre kappe [35].

### Beskyttelseskappe

Beskyttelseskappa beskytter isolasjonen og leiarane mot ytre påkjenningar [34]. Beskyttelseskappa er av polyetylen, og består av to sjikt. Indre sjikt er UV-bestandig og kvit for å lage eit optisk skilje mellom denne og ytre halvledande sjikt som er svart [35].

### Dimensjonar

TSLF-OJ treleiar kjem i 12 kV og 24 kV, sidan vi skal kopla oss til 22 kV-nett ser vi kun på 24 kV. TSLF-OJ 24 kV kjem i dimensjonane 50 mm<sup>2</sup>, 95 mm<sup>2</sup>, 150 mm<sup>2</sup> og 240 mm<sup>2</sup>.

### Alternativ høgspentkabel

Som alternativ til TSLF kan vi nytta TSLE, men denne er ikkje like tett då denne ikkje har diffusjonssperre av aluminiumslaminat for å hindra radiell vassintrenging. Elles er kablane like.

### 3.3.3 Korreksjonsfaktorar

For å hindra at kabelen vert for varm under normal belastning er straumleiingsevna oppgitt ved fastsette vilkår som sikrar ein tilsikta varmeavgivnad [1]. Dersom kablane ligg slik at vilkåra ikkje kan haldast må opphavleg belastningsevne multipliserast med alle korreksjonsfaktorar for å få riktig belastningsevne. I vurderinga av korreksjon må ein ta omsyn til

- kabelen sin forleggingsdjupne i jord
- jordtemperaturen
- jorda si termiske resistivitet
- forlegging av kablar ved sida av kvarandre
- forlegging av kablar i røyr eller kanal [35]

Vi kjem tilbake til utrekning av korreksjonsfaktorar i delkapittel 6.2.3.

### 3.4 Kabelskap

Kabelskap vert nytta til å kopla saman stikkablar som går til abonnentar og matekabelen frå nettstasjonen. Dei inneheld også sikringar som sikrar stikkabelen mot kortslutting. Matekabelen vert kopla til samleskinnesystemet i skapet ved bruk av ei kabeltilkoppling. På samleskinnesystemet vert det kopla til ein sikringsholdar for kvar abonent med tilhøyrande sikring og tilkopling av stikkabel. Om ein fører ein matekabel ut av skapet vert den tilkopla med ei skiljekontakt. Vi kjem tilbake til desse komponentane på dei neste sidene.


Vi nyttar skapet Kabeldon CDC som er vist i figur 14 og levert av ABB. Skapet er bygd av varmegalvanisert stål og levert med eit skinnesystem som gjer det enkelt å montera nytt utstyr. Skinnesystemet toler ein maksimum belastningsstraum på 400 A og ein maksimum kortslutningsstraum på 50 kA. Den delen av skapet som er nedgravd er ytterligare forsterka med eit polymerlag festa til stålet ved sink/mangan fosfatering, dette innfrir kravet om ei levetid på 25 år. Skapet toler klimapåkjeningar som vind og temperaturar på -50°C til bruk i eit arktisk klima, dermed vil desse skapa sola det norske klimaet godt.



Figur 14 Kabeldon CDC med skinnesystem [36]

Kabelskapa vert plassert lett tilgjengeleg i byggefelta og det er difor viktig at skapet er bygd slik at det ikkje utgjer nokon helsetrussel, spesielt ikkje for barn. Utvending har skapet kapslingsgrad IP34D, medan skinnesystemet internt i skapet har IP2X [36]. Dette innfrir kravet til kapslingsgrad [37]. IP34D vil sei at skapet er beskytta mot inntrenging av gjenstandar større eller lik 2,5 mm, vasssprut frå alle kantar, og at ein sylinderisk testtråd med diameter 1,0 mm og lengde 100 mm skal ha tilstrekkeleg klaring til farleg del. Internt er spenningsførande delar (skinnesystem) beskytta med IP2X som beskyttar mot inntrenging av gjenstandar større eller lik 12,0 mm (finger) [38].

Skapa er modulbasert der ein modul M er 12,5 mm brei og alt utstyr som kan koplast til skinnesystemet er oppgitt i modular. Modulane gjer det lett å berekna nødvendig storleiken på skapet når ein veit kva utstyr som skal stå i det. I figur 15 er det vist døme på utstyr og kor stor mange modulplassar dei tek opp i skapet. Skapa kjem med plass til 20, 40 eller 60 modular.



Figur 15 Sikringsholdarar montert på skinner [36]



Figur 16 Opening til provisorisk kabel [36]

På begge sidene av skapet er det opningar som kan nyttast til å trekka kabel igjennom som ei provisorisk løysing til for eksempel byggestraum. Opningane er beskytta av ei rund metallskive som vist i figur 16 der den største opninga på skiva har ein diameter på 60 mm. Det er mogleg å montera brøystestikker på sidene av skapet slik skapet ikkje vert brøyta ned.

#### 3.4.1 Komponentar inne i kabelskapa

Som tidelegare nemnd inneheld eit kabelskap komponentane kabeltilkopling, sikringsholdar, sikring og skiljekontakt. Alle komponentane i skapet er berøringssikre med kapslingsgrad IP2X.

Vi nyttar kabeltilkoplinga AD 300 levert av ABB til tilkopling av matekabel til fordelingsskinnene i kabelskapet. Kabeltilkoplinga er vist i figur 17. Den har maks straumleiringsevne på 630 A og tek opp 3 modulplassar i kabelskapet [36].

Sikringsholdaren vi nyttar er vist i figur 18 og er av typen SLD 00 som er levert av ABB. Den er tilkopla fordelingsskinna i kabelskapet, har plass til sikringar opp til 160 A og har tilkopling for stikkabel til abonnent under sikringslista. Sikringsholdaren tek opp 4 modulplassar i kabelskapet [36].

I sikringsholdaren passar sikringar av typen NH 00 som vist i figur 19. Vi kjem tilbake til sikringane i delkapittel 6.6.2.



Figur 17 AD 300 [36]



Figur 18 SLD 00 [36]




Figur 19 NH 00 [39]



Figur 20 FD 3300 [36]

Vi nyttar skiljekontakt FD 3300 levert av ABB som vist i figur 20. Skiljebrytaren har einpola utkoppling av kabelen frå fordelingskinna og tek opp 7 modulplassar i kabelskapet [36]. Skiljekontakta gjev moglighet for utkoppling av kabel til underliggende kabelskap slik ein kan avgrensa tal abonnentar som vert kopla frå nettet ved arbeid i kabelskap eller liknande.



Figur 21 PEN-skinne i kabelskapet

Figur 21 syner PEN-skinne i eit kabelskap. Til PEN-skinna er alle PEN-leiarane i kablane tilkopla (blå krympestrømpe), og jordleiar tilkopla. PEN-skinna er ikkje isolert.


### 3.5 Tilknytingsskap

Tilknytingsskap er grensesnittetet mellom bustadinstallasjonen og distribusjonsnettet, der stikkabelen til abonnenten vert terminert og elmålar plassert.


Tilknytingsskapet skal plasserast utanfor bustaden i samråd med netteigar. Det skal fortrinnsvis vera på eller innfelt i yttervegg på bygning, eventuelt kan skapet plasserast frittståande på ein annan stad avtalt med huseigar. Tilknytingsskapet skal plasserast slik det er lett tilgjengeleg til ei kvar tid. Det skal vera tilgjengeleg uavhengig av årstid og ikkje krevja bruk av stige eller andre hjelpemiddel. Partane skal kunne lesa av målar, betena utstyr og kunne kontrollera og skifta ut komponentar på ein enkel måte [40].

Tilknytingsskapet skal vera tilgjengeleg for bustadeigar, bygningseigar og netteigar. Det skal utstyrast med lås som kan opnast og lukkast ved bruk av trekantnøkkelen eller tilsvarande. Trekantnøkkelen skal ikkje vera av same type som nyttast for kabelskap [40]. REN oppgjer nøkkelsystem Evva som har 100 000 variantar under ein masternøkkelen som ein landsdekkjande avtale med «sikkerhet og design» [41].

#### 3.5.1 Eksempel på tilknytingar



Figur 22 Forsyning til einebustad [41]



Figur 23 Einlinjeskjema for tilknyting av einebustad [41]

Standard tilknyting av einebustadar til distribusjonsnettet er vist i figur 22. I figuren er A kabelskap til netteigar, B er tilknytingsskap eigmeldt av abonnent og C er tavle innvendig i bustaden [41].

Figur 23 syner einlinjeskjemaet til tilknytinga i figur 22. Det er plassert eit kortslutningsvern i kabelskapet. I tilknytingsskapet er det

- eit kortslutningsvern som beskyttar inntakskabel og målar
- eit overspenningsvern for kraft- og elektrisk kommunikasjonsutstyr
- ei jordingskinne som er tilkopla bustadens ringjord
- ein overgang frå PEN til PE og N

Frå tilknytingsskapet vert det trekt ein inntakskabel som forsyner fordelingstavla plassert innvendig i bustaden. Det kan monterast ei separat avgreining til ei fordeling utanom huset som går til for eksempel ei garasje [41].



Figur 24 Tilknyting av rekkehus [41]




Figur 25 Tilknyting av einebustad med uteleige. [41]

Ved tilknyting av rekkehus som er vertikalt delt kan tilknytingsskapa plasserast i vegg og med stikkabel lagt frå kabelskap som vist i figur 24. Einebustad med uteleigeleilegheit kan forsynast som rekkehuset i figur 24 med ein stikkabel per tilknytingsskap, eller som vist i figur 25 med felles stikkabel [41].

### 3.6 Målar

Ein målar summerer den energien som er levert til installasjonen. For å måla heile energiforbruket er det viktig å plassera målaren så nær leveringspunktet til nettselskapet som mogeleg, og ideelt sett skal målinga skje i leveringspunktet. Målaren er plassert i tilknytingsskåpet og skal vera beskytta av eit kortslutningsvern [42].

Nettselskapet skal til ei kvar tid ha uhindra tilgang for avlesing av målarstand og tekniske data. Det skal også vera lett tilgang til målaren for tilkopling, utskifting, kontroll og plombering. Den skal monterast på eit vertikalt, fast, vibrasjonsfritt og ikkje brennbart underlag. I tilknytingsskåpet skal målar eller overkant av målaromkoplar ikkje vera høgare enn 1,8 meter over bakkenivå, og underkant ikkje vera lågare enn 0,7 meter som vist i figur 26 [42].



Figur 26 Krav til avstandar for plassering av målar.  $A \leq 1,8\text{m}$ ,  $B \geq 0,7\text{ m}$  [42]

### 3.7 Fiber

I vår oppgåve legg vi til rette for trekking av fiber seinare. Dette gjer vi ved å velja kablar med fiberrøyr, nettstasjon med fiberrom og fiberskap. Fiberskapa er av same type som kabelskapa, men dei manglar skinnene og skal plasserast ved sidan av kabelskapa.

## 4 HMS

### 4.1 HMS-omgrepet

HMS omfattar Helse, miljø og sikkerheit i alle arbeidssamanhangar.

#### Helse

Med helse tenkjer ein på fråvær av sjukdom, i tillegg til fysisk, psykisk og sosialt velvære. Ein tenkjer også på den resterande befolkninga i forhold til at bedrifta ikkje skal ureina det ytre miljøet. WHO definerer helse som at eit menneske ikkje berre er fri for sjukdom, men at det nyt fullstendig fysisk, psykisk og sosialt samvære [43].

#### Miljø

Miljø omfattar både det ytre miljøet og arbeidsmiljø. Ytre miljø er å ta ansvar for å førebyggja mot forureining (utslepp) til luft, vatn og jord frå bedrifta. Arbeidsmiljøet er alle dei faktorane som påverkar arbeidstakaren fysisk, psykisk og sosialt enten positivt eller negativt [43].

#### Sikkerheit

Med sikkerheit tenkjer ein på sikkerheit for menneske og materiell [43].

### 4.2 Internkontrollforskrifta

HMS-omgrepet er forankra i Internkontrollføreskrifta. Føremålet med internkontrollføreskrifta er å:

#### § 1. Formål

*Gjennom krav om systematisk gjennomføring av tiltak, skal denne forskrift fremme et forbedringsarbeid i virksomhetene innen:*

- arbeidsmiljø og sikkerhet
- forebygging av helseskade eller miljøforstyrrelser fra produkter eller forbrukertjenester
- Vern av det ytre miljø mot forurensning og en bedre behandling av avfall slik at målene i helse-, miljø- og sikkerhetslovginingen oppnås [44].

Verksemder er i følgje internkontrollføreskrifta pålagde å utøva internkontroll som vil seia å utføra systematiske tiltak som skal sikra at aktivitetar vert planlagde, organiserte, utførte og haldne vedlike i samsvar med lovpålagte HMS-krav [44]\_[45].

Eit HMS-system inneheld alle forhold som gjeld helse, miljø og sikkerheit for verksemda. HMS-systemet er spesifikt for verksemda sine oppgåver og tenester, og høyrer til den enkelte verksemda. Når verksemda skal utvikla sitt HMS-system må ho ta omsyn til dei lovane og føreskriftene som gjeld for verksemda. Det skal gjennomførast systematiske aktivitetar for å sikra at fokuset på HMS er forsvarleg [45].

Målet med ein god internkontroll er å unngå feil som skjer som følgje av systemsvikt, å sørge for at verksemda opptrer på ein forsvarleg måte og å bidra til ein kontinuerleg kvalitetsforbetring.

Internkontrollen vil at verksemda sine oppgåver og aktivitetar innanfor risikoområda vert planlagde, organiserte, utførte og haldne vedlike i samsvar med krava i lova. Ei bygge- eller anleggsverksemd har sine eigne HMS-rutinar for å sikra arbeidarane si sikkerheit. I følgje byggherreføreskrifta § 18 skal den verksemda som arbeider på ein bygge- eller anleggs plass ta omsyn til dei relevante deler av ein SHA (sikkerheit, helse og arbeidsmiljø) plan og ta dei inn i sitt HMS-system. Kvar verksemd vil difor ha ein eigen del av internkontrollen spesielt tilpassa verksemda sine sikkerheitsutfordringar. Her er HMS og SHA kopla saman [45].

I internkontrollforskrifta § 5 er det sett opp åtte punkt som bedrifa skal gjennomføra/sørgja for. Desse punkta finn du i tabell 5.

Tabell 5 Tabell som syner kva verksemde skal sørgja for med tanke på internkontroll [44]

| <b>Internkontroll innebærer at virksomheten skal:</b>  | <b>Dokumentasjon</b>      |
|--|---------------------------|
| 1. <i>Sørge for at de lover og forskrifter i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen som gjelder for virksomheten er tilgjengelig, og ha oversikt over de krav som er av særlig viktighet for virksomheten.</i> | -                         |
| 2. <i>Sørge for at arbeidstakeren har tilstrekkelig kunnskaper og ferdigheter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, herunder informasjon om endringer.</i>                                    | -                         |
| 3. <i>Sørge for at arbeidstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes.</i>  | -                         |
| 4. <i>Fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet.</i>   | Må dokumenteres skriftlig |
| 5. <i>Ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt.</i>   | Må dokumenteres skriftlig |
| 6. <i>Kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene.</i>  | Må dokumenteres skriftlig |
| 7. <i>Iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets-lovgivningen.</i>  | Må dokumenteres skriftlig |
| 8. <i>Foreta systematisk overvåkning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt.</i>   | Må dokumenteres skriftlig |

#### 4.3 SHA-omgrepet

Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA) vart først introdusert i byggherreføreskrifta i 1995. Føremålet med byggherreføreskrifta er:

##### § 1. Formål

Forskriftens formål er å verne arbeidstakerne mot farer ved at det tas hensyn til sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser i forbindelse med planlegging, prosjektering og utførelse av bygge- eller anleggsarbeider [46].

SHA-omgrepet gjeld berre for arbeidstakarar på bygge- og anleggslassar. Det skal føreliggja ein skrifteleg plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø før oppstart av byggje eller anleggsarbeid som beskriv korleis risikoforholda i prosjektet skal handterast. Planen skal tilpassast det aktuelle prosjektet, sidan kvar arbeidsplass har sine særskilde utfordringar når det kjem til sikkerheit [45].

## Ein SHA-plan skal innehalda

- eit organisasjonskart som angjev rolleforedlinga og entrepriseform
- ein framdriftsplan for anlegget som syner når og kvar dei ulike arbeidsoperasjonane skal finna stad
- beskriving av dei spesifikke tiltaka knytt til arbeid som kan innebera fare for liv og helse
- rutinar for avviksbehandling [46]

## 4.4 HMS i Sunnfjord Energi

Sunnfjord Energi har som mål å sikra eit arbeidsmiljø som gjev grunnlag for ein helsefremjande og meiningsfylt arbeidssituasjon for alle tilsette. Alle gjeldane lover og retningslinjer skal overhaldast, og arbeidsmiljøet skal gi sikkerheit mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Dei har desse målsetjingane:

- Null skader og arbeidsrelaterte sjukdommar.
- Sjukefråvær på under 3%.
- 240 avviksmeldingar per år (gjennomsnitt 2 per tilsett).

For å jobba mot desse måla følgjer Sunnfjord Energi punkta i lista frå internkontrollforskrifta § 5 for å stetta krava i forskrifta. Her har vi lista opp nokre dømer på korleis bedrifa gjer dette.

**Punkt 1:** For å ha oversikt over dei forskriftene og rammene som gjeld for bedrifa og i tillegg ha dei tilgjengelege har Sunnfjord Energi laga ei oversikt over desse på sitt intranett. Lovene er

- arbeidsmiljølova
- tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr
- brann- og eksplosjonslova
- forureiningslova
- produktkontrollova
- energilova
- vassressurslova
- matloven [47]

I tillegg skal byggherren beskriva risiko i prosjekt.

**Punkt 2:** For å sørgra for at dei tilsette har kunnskap om utstyret dei nyttar skal dei få opplæring av ein annan tilsett som allereie har dokumentert opplæring. Denne opplæringa skal dokumenterast. Dei tilsette skal ha kunnskapar om FSE (forskrift om sikkerheit ved arbeid i og drift av elektriske anlegg). Denne forskriften skal ivareta sikkerheita ved arbeid på/nær ved eller ved drift av elektriske anlegg. Forskrifta stiller krav til at aktivitetane skal vera tilstrekkeleg planlagde og at det skal setjast i verk naudsynte sikkerheitstiltak for å unngå skade på liv, helse eller materielle verdiar. Sunnfjord Energi kursar alle dei tilsette i FSE ein gang i året, i tillegg til at dei har andre kurs som blant anna førstehjelpskurs, kurs i varme arbeid og nedfiringskurs.

**Punkt 3:** Sunnfjord Energi nyttar kunnskapen til dei tilsette i prosjekt og ved tavlemøte der dei tilsette får komma med forslag til forbeteringar.

**Punkt 4:** Sunnfjord Energi har som tidlegare nemnt eit fastsett mål om å ha 240 avviksmeldingar, 3% sjukefråvær, 0 uhell. Det vert jobba mot desse måla ved mellom anna å halda vernerundar.

**Punkt 5:** For å halda oversikt over organisering av verksemnda ligg denne på intranettet til Sunnfjord Energi

### **Organisering av HMS i Sunnfjord Energi**

*Alle har plikt til å bidra til eit aktivt og systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik. Arbeidsgjevar har ansvar for å sørge for at bestemmelser i lover og forskrifter blir overhaldt, medan den enkelte arbeidstakar har plikt til å medvirke ved utforming, gjennomføring og oppfølging av verksemda sitt arbeid med helse, miljø og tryggleik.*

I Sunnfjord Energi er HMS organisert på følgjande måte:

1. **Adm. dir** er øvste ansvarleg for HMS i bedrifta
2. **Fagleg ansvarleg** har ansvar for sikkerhet knytt til bedrifta sine elektriske anlegg
3. **HMS-leiar** har systemansvar for HMS i bedrifta og koordinerer og støttar HMS arbeidet
4. **HMS-koordinator** koordinerer og støttar HMS arbeidet i bedrifta
5. **Avdelingsleiarane (marknadsjef, administrasjonssjef, produksjonssjef, nettsjef)** er ansvarleg for eit velfungerande HMS-arbeid i si avdeling
6. **Leiarar med personalansvar** er ansvarleg for dagleg HMS oppfølging
7. **AMU** (2 representantar frå dei tilsette og 2 representantar frå leiinga) skal sjå til at det er eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø innanfor AML sine bestemmelser.
8. I Sunnfjord Energi er det 1 **hovudverneombod** og 9 **verneombod**. Verneombudene skal sjå til at omsynet til alle tilsette sin sikkerhet, helse og velferd til ivareteke.
9. **Alle tilsette** plikter å gjennomføre dei tiltak som som er sett i verk for skape eit godt og sikkert arbeidsmiljø.
10. Bedrifta har samarbeid med bedriftshelseteneste gjennom **Stamina Helse** [48]

Ved kvart prosjekt vert det laga eit eige organisasjonskart for å ha oversikt over HMS for prosjektet. I dette kartet er byggherre alltid på toppen.

**Punkt 6:** For å kartlegga risiko gjennomfører verksemda risikovurdering av mellom anna selskapsnivå, prosjekt når dei vert starta opp og ved sikker jobbanalyse (SJA). Byggherreforskrifta set krav til at det skal gjennomførast ei risikovurdering for personsikkerheit der Sunnfjord Energi er byggherre. I tillegg har ein beredskapsforskrifta som skal sikra at energiforsyninga vert oppretthalten og at ei normal forsyning vert gjenopprettet trygt og effektivt i ein ekstraordinær situasjon. Målet med denne forskriften er å redusera dei samfunnsmessige konsekvensane. Sunnfjord Energi gjennomfører ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for å oppretthalda denne forskriften.

**Punkt 7:** For å avdekka, retta opp og førebygga brot på HMS-lova vert det gjennomført vernerundar, kontrollrundar for maskinistar og montørar, årleg kontroll av utstyr, jobbobservasjonar og kontroll av brannalarm. Vi fekk anledning til å vera med på ein vedlikehaldsrunde av nettstasjon, dette kan du lesa om i kap 4.4.3.

**Punkt 8:** For å vera sjølvkritiske og for å forbetra HMS-systemet får Sunnfjord Energi inn utanforståande (bedriftshelsetenesta) som kan gjera revisjon av internkontrollen i bedrifta.

#### 4.4.1 Risikoanalyse

Ei risikoanalyse vert gjennomført for å avdekka kor stor risikoen ved eit prosjekt er. I ei risikoanalyse skal ein tenkja over kva som kan gå gale, kva sannsynet for at noko går gale er og kva konsekvensar dette vil få. Risiko er eit produkt av konsekvens og sannsyn, og vert delt i tre nivå: låg risiko, middels risiko og høg risiko.

#### 4.4.2 Sikker jobbanalyse

Sikker jobbanalyse er ei vurdering montørane/arbeidarane gjennomfører før eit arbeid skal gjennomførast. Målet med denne analysen er å gjera montørane/arbeidarane merksame på eventuelle farar i jobbsamanheng. I Sunnfjord Energi nyttar dei skjema for sikker jobbanalyse som du finn i vedlegg nr. 2.

#### 4.4.3 Vedlikehaldsrunde av nettstasjon

I Sunnfjord Energi sjekkar dei nettstasjonane sine ein gang i året. Vi har i samarbeid med ein montør i Sunnfjord Energi kontrollert ein nettstasjon i Førde. Nettstasjonen var ein eldre type for IT-nett. Vi sjekka då punkta på ei vedlikehaldsliste som ligg i vedlegg nr. 3. Vi tek her ut nokre punkt frå sjekken som vi ser nærmere på.

##### Jordfeil på lågspentkretsen

I nettstasjonen er det eit voltmeter som syner spenning mellom to fasar eller spenning mellom fase og jord. Det er jordfeil i kretsen om spenningen mellom fase og jord er høgare enn spenningen mellom to fasar delt på kvadratrota av tre, altså over om lag 140 V. I nettstasjonen vi kontrollerte var det ikkje jordfeil.



Figur 27 Spenning mellom L1 og jord



Figur 28 Isolator

##### Reinhald i nettstasjonen

Nettstasjonane har lufting via ventilar for nedkjøling. Gjennom desse ventilane kjem det også støv frå til dømes trafikk. Når nok støv legg seg på isolatorane som vist i figur 28, kan det oppstå krypestraumar. Ved behov støvsuger montørane transformatoren under spenning. I nettstasjonar som er særleg utsatt for støv må det gjerast årleg. For å førebygga problem knytt til støv bør ikke nettstasjonen plasserast tett opp mot ein veg. Det kan også monterast filter på ventilane, men desse må kontrollerast og eventuelt bytast jamleg for å sikra god nok ventilasjon.

### Oljelekkasje og oljenivå

Vi sjekka for oljelekkasje rundt transformatoren. Transformatoren vi sjekka hadde ein liten lekkasje som vist i figur 29, men denne var så liten at den ikkje var av betyding. Oljenivået i transformatoren var også godkjent som vist i figur 30.



Figur 29 Oljelekkasje



Figur 30 Oljenivå

### SF6-anlegg

Vi sjekka at trykket på SF6-anlegget var i det grøne området som vist i figur 31.



Figur 31 Trykk på SF6-anlegget



Figur 32 Amperemeter

### Belastning

Vi såg også på belastning av transformatoren sjølv om dette ikkje er eit punkt på sjekklista. I figur 32 ser vi ein raud visar på om lag 1 kA, denne syner den høgaste straumen som er målt. Den svarte visaren syner straumen i måletidspunktet 4 mai 2015 kl. 12:30. Vi samanlikna den høgaste straumen med transformatorytinga og kom fram til at transformatoren er høgt nok dimensjonert.

#### 4.5 HMS for Storehaugen byggefelt

I prosjektet vårt har vi teke utgangspunkt i REN sitt prosjektsystem og valt prosjektnivå 2. Prosjektnivå er ein måte å bedømma kor omfattande HMS rundt prosjektet skal vera utifrå storleik på prosjektet. Prosjektnivå 2 vil seie at det er ein bygge-eller anleggspllass der hovudfokus er å montera eit elektriske anlegg. Utanom dette kan de førekamma anna arbeid i samband med graving eller transport. Arbeidet har ein godt kjend risiko, ei samkøyrd framdrift og ei klår oppgåvefordeling. Arbeidet varer normalt kortare enn 30 dagar. Vi tek i denne planen føresetnad om at Sunnfjord Energi er byggherre.

##### 4.5.1 SHA-plan for Storehaugen byggefelt

Ein SHA-plan skal sikra at personell på anleggsplassen har ein sikker og trygg arbeidsplass, og at utanforståande ikkje vert utsett for fare som kan medføre personskade. Den skal også forhindra skade på eigedom og materiell.

##### Mål


Målet for prosjektet er at det skal gjennomførast utan personskade. SHA-planen skal bidra til å fremja dei naudsynte leiingsistema, holdningar og praksis for å oppfylla dette målet. Aktivitetar som medfører risiko for skade på personar og materielle verdiar skal stoppast.

##### Omfang

Planen gjeld for alt arbeid som skal gjennomførast i samband med utbygginga av distribusjonsnett i Storehaugen byggefelt. Krava som er fastsett i planen kjem i tillegg til norske lover.

##### Organisasjon

Som byggherre har Sunnfjord Energi det overordna ansvar for at prosjektet vert planlagt, samordna og utført i samsvar med byggherreforskrifta, uavhengig av kven som utfører arbeidet. Sjå organisasjonskart i figur 33. Informasjon om entreprenørar og kontaktpersonar må fyllast ut før anleggsarbeidet startar opp.



Figur 33 Organisasjonskart for Storehaugen byggefelt

Prosjekt- og byggeleiar skal følgja opp alt arbeid på anleggsplassen i samarbeid med SHA-koordinator. Prosjektleiar opptrer på vegne av byggeherre og utfører byggherren sine plikter.

SHA-koordinator skal koordinera og samordna byggeprosessen slik at sikkerheit, helse og arbeidsmiljø vert ivaretakne på anleggsområdet. Han skal sjå til at SHA-planen vert etterlevd med fortøpande oppdateringer og tilpassingar. SHA-koordinator skal utarbeida SHA-planen.

Entreprenørar (utbyggjar, VVS, brann) skal utnemna ein SHA-ansvarleg som skal vera kontaktperson mellom byggherre og entreprenør. Entreprenøren skal utføra arbeid etter dei krav som vert sett i SHA-plan. Alle avvik, ulukker og nestenulukker hjå entreprenør skal rapporterast til SHA-koordinator hjå byggherre.

Kvar enkelt arbeidstakar skal følgja SHA-planen, nytta verneutstyr, avbryta eige arbeid om ein meiner det er fare for liv eller helse og melda frå om ulukker, nestenulukker og farlege forhold på arbeidsplassen.

#### *Framdriftsplan*

Prosjektet har framdriftsplan som vist i tabell 6. Om det vert endringar skal alle aktuelle partar varslast.

Tabell 6 Framdriftsplan for Storehaugen byggefelt

|   | Tidsfrist  |
|---|------------|
| <b>Prosjekteringsarbeid</b>                     | 1. juni    |
| <b>Godkjenning av prosjektering og budsjett</b> | 15. juni   |
| <b>Bestilling av materiell</b>                  | 1. juli    |
| <b>Anleggsarbeid ferdigstilt</b>                | 1. oktober |

#### *Risikovurdering og sikker jobbanalyse*

Byggherre og entreprenør skal gjennomføra kvar si risikovurdering for å avdekka risikoar i prosjektet. Denne analysa skal ligga til grunn for planlegging og førebuing som for eksempel val av metodar, utstyr og verneutstyr. Risikovurdering for prosjektet ligg i vedlegg nr. 4.

Før oppstart av arbeid på byggeplassen som kan medføra risiko for menneske, miljø eller materielle verdiar, skal det utførast ei skriftleg sikker jobbanalyse der alle som skal utføra arbeidet er med.

#### *Avviksbehandling og rapportering*

Alle avvik i forhold til SHA-plan skal rapporterast til SHA-koordinator ved bruk av avviksskjema i vedlegg nr. 5. Med avvik meiner ein personskader, nesten-ulukker, ulukker og miljøhendingar. I tillegg skal gjennomførte sikker jobbanalysar og anna kartlagd risiko rapporterast inn.

SHA-koordinator varslet byggherre som vil sørge for at det vert gjennomført naudsynt avviksbehandling der risiko og behov for tiltak vert vurdert. Planlagde endringar og tiltak skal informerast om til ramma arbeidsgivarar og verneombod.

Ved alvorlege hendingar skal varslingsplan følgast. Personsikkerheit kjem alltid først!

#### *Beredskap*

Førstehjelpsutstyr og brannsløkkingsapparat skal vera fast inventar i firmabilane til Sunnfjord Energi. Varslingsplanen skal vera tilgjengeleg for alle og ligg som vedlegg nr. 6.

### Avfallshandtering

Overskotsmateriale og anna avfall skal samlast saman og kjeldesorterast. Sunnfjord Energi har containarar for følgjande avfall

- kabel aluminium
- kabel Alu/FeAl linje
- uisolert kopparkabel
- kabel med isolasjon
- stålwire
- metall skrapstål
- treverk ubehandla
- treverk impregnert

Containerane er plassert på baksida av Energibygget og vist i figur 34.



Figur 34 Containerar for kjeldesortering ved Sunnfjord Energi

## 5 Elektromagnetiske felt

Eit elektromagnetisk felt oppstår mellom anna rundt straumanlegg og består av elektriske og magnetiske felt. I dette kapitelet har vi teke utgangspunkt i Renblad nr. 8014: Saksbehandling, måling og handtering av magnetfelt [49].

### 5.1 Elektriske felt

Elektriske felt vert målt i eininga V/m [volt/meter] og er eit område der det verkar elektriske krefter. Eit elektrisk felt er lik forskjellen i elektrisk spenning [V] mellom to objekt (for eksempel ein leidning og jord) delt på avstanden mellom objekta. Det vil seia at eit elektrisk felt er avhengig av spenningsforskjellar og avstand mellom objekt, men uavhengig av for eksempel straum i ein leiar. Det er i dag lite fokus på elektriske felt med tanke på helsefare.

### 5.2 Magnetiske felt

Eit magnetisk felt vert målt i eininga tesla [T], og sidan 1 tesla er svært høgt vert det ofte gitt i mikrotesla [ $\mu$ T]. Magnetiske felt er eit område der det verkar magnetiske krefter. Eit magnetisk felt oppstår rundt ein straumførende leiar. Styrken på feltet er avhengig av straumen i leiaren, avstanden mellom leiarane, oppbygginga av leiarar og avstanden frå kjelda. Styrken på feltet er uavhengig av spenninga. Å skjerme magnetiske felt er vanskeleg og kostbart.

For å redusera eit magnetfelt har ein tre moglegheiter:

- Redusera straumen i overføringa, det vil i praksis vera det same som å auka spenninga for å overføra same effekt.
- Redusera faseavstanden mellom leiarane.
- Auka avstanden til forstyrra objekt.
- Ved kabellegging kan kablane leggast i trekantforlegging, noko som ved normale forhold vil om lag kansellera magnetfeltet.

### 5.3 Magnetfelt og helserisiko

Det er ikkje funne nokon samanheng mellom magnetiske felt og kronisk sjukdom. Forskarane er likevel usikre på kva eigenskapar magnetiske felt har og om desse kan føre til sjukdom, og eventuelt kor lenge ein kan vera utsett for slike felt før ein vert sjuk. Forskarane har sett på samanhengen mellom felt over 0,4  $\mu$ T frå kraftlinjer og ein dobling i sjansen for å få barneleukemi, men kan ikkje bekrefte dette. Dei har også sett på eksponering for vaksne og om det er ein auka risiko for brystkreft, leukemi, hjernesvulst og amyotrofisk lateralsklerose, men her kan heller ikkje forskarane trekka ein sikker konklusjon og sei at det er ein samanheng med eksponering [50].

### 5.4 Myndighetskrav

Det finst ingen absolutte forskriftskrav frå norske myndigheter om grenseverdiar for magnetfeltets styrke, men det vert oppmoda om ein varsamhetsstrategi for felt høgare enn 0,4  $\mu$ T som ein årleg gjennomsnittsverdi. Dette vil seia at det skal takast omsyn til magnetiske felt ved planlegging og prosjektering så tidleg som mogleg i prosjektet for å unngå unødige ekstra investeringskostnadars knytt til dette.

Tiltak for å ta omsyn til magnetiske felt kan vera å

- plassera linje- og kabeltraséar fornuftig i forhold til tettbygd strøk, då spesielt i område der det er mange barn, for eksempel skular og barnehagar
- plassera nettstasjonar fornuftig i forhold til bustadhús

- laga ei analyse som syner magnetfeltnivået i godkjende bustadområde langs linjetrasé (sjå delkapittel 5.4.1 Utredningsansvar)

Det skal vera eit mål å halda magnetfeltet i bustadane på maksimalt  $0,4 \mu\text{T}$  ved gjennomsnittleg belastning gjennom året, sett opp mot samfunnsmessige tilleggskostnadar.

#### 5.4.1 Utredningsansvar

Ved ombygging eller etablering av elektriske anlegg skal netteigar alltid beskriva magnetfelt og helse som eitt av utredningstema:

- Kor mange bygg ved det elektriske anlegget vil ved gjennomsnittleg belastning gjennom året få eit magnetfelt på minst  $0,4 \mu\text{T}$ ?
- Kva nivå er det snakk om?

Ved ei ombygging skal det opplysast om magnetfeltnivå før og etter ombygginga.

Om det er bygg som får minst  $0,4 \mu\text{T}$  i årleg gjennomsnittleg verdi skal ein greia ut om moglege tiltak, opplysa om kostnadar, samt andre fordelar eller ulemper med desse og grunngje dei tiltak som vert anbefalt gjennomført eller ikkje.

#### 5.5 Verdiar for magnetiske felt

##### 5.5.1 Verdiar i vanlege bustadsinstallasjonar

Magnetfelt oppstår rundt elektriske apparat og installasjonar. Tabell 7 syner kor store magnetfelt ulike hushaldsapparat sender ut.

Tabell 7 Magnetfelt frå ulike husholdningsapparat [49]

| Apparat              | Måleavstand | $\mu\text{T}$ |
|----------------------|-------------|---------------|
| Avtrekksvifte kjøken | 40 cm       | 0,8           |
| Elektrisk omn        | 30 cm       | 0,15-0,5      |
| Mikrobølgeomn        | 30 cm       | 4-8           |
| Kaffitraktar         | 30 cm       | 0,08-0,15     |
| Miksmaster           | 30 cm       | 0,6-10        |
| Støvsugar            | 100 cm      | 0,13-2        |
| Komfyr               | 40 cm       | 0,25          |
| Kjøleskap            | 40 cm       | 0,1           |
| Klokkeradio          | 40 cm       | 0,3           |
| TV                   | 40 cm       | 0,2           |
| Hårtørkar            | 30 cm       | 0,01-7        |
| Barbermaskin         | 3 cm        | 15-1500       |
| Varmekablar i golv   | 5 cm        | 0,2-0,3       |

Generelt målar ein magnetfelt mellom 0,003 til  $0,3 \mu\text{T}$  i heimane våre (utan ytre påverking).

### 5.5.2 Magnetfelt for luftlinjer

I tabell 8 og 9 kan ein sjå samanhengen mellom feltstyrke og avstand for nokre leidningstypar i høgspenningsluftlinjer. Avstanden som er gitt som ein horisontal avstand til nærmeste linje.

Tabell 8 Samanheng mellom feltstyrke og avstand til luftleidning [49]

| Spenning/straumstyrke       | 420 kV/800A | 300 kV/400A | 132 kV/200A | 22 kV/20A |
|-----------------------------|-------------|-------------|-------------|-----------|
| Feltnivå i 10 meter avstand | 5,0 µT      | 2,5 µT      | 1,4 µT      | 0,07 µT   |
| Avstand ved 0,4 µT          | 70 m        | 45 m        | 25 m        | 3 m       |
| Avstand ved 0,1 µT          | 145 m       | 100 m       | 55 m        | 8 m       |

Tabell 9 Samanheng mellom feltstyrke og avstand til luftleidning [49]

| Spenning/straumstyrke       | 300kV/200A | 24kV/200A |
|-----------------------------|------------|-----------|
| Feltnivå i 5 meter avstand  | 125 µT     | 0,55 µT   |
| Feltnivå i 10 meter avstand | 0,85 µT    | 0,3 µT    |
| Feltnivå i 15 meter avstand | 0,55 µT    | 0,15 µT   |

Storleiken på feltet er avhengig av fasestraumen, faseavstandar og type oppheng. Det vil seia at fasestraumen vil føre til at ei 300 kV linje vil ha eit høgare magnetisk felt enn ei 24 kV linje med same laststraum og oppheng.

I lågspenningsnettet vil ei blank luftlinje ha eit felt på om lag 50 % av verdiane for ei 24 kV linje med same laststraum. For ei belagt luftlinje vil verdiane vera mykje lågare enn 50 %.

### 5.5.3 Magnetfelt frå kablar i grøft

I ei grøft med mange belasta kablar kan magnetfeltverdiane vera godt over 1 µT om lag 1 meter over bakken. Denne høge verdien skuldast at kablane berre ligg 0,5 meter under bakken, men feltet minkar kraftig når avstanden frå kabelen aukar. Dette er REN sine verdiar, og det står ikkje opplyst noko om spenningsnivå eller straum i desse kablane.

### 5.5.4 Magnetfelt frå frittståande nettstasjonar

I følgje REN vil ein nettstasjon i eit by-strøk som transformerer spenninga frå 22/11 kV til 230 V ha eit magnetfelt tilsvarende det i ein vanleg bustad om lag 10 meter frå nettstasjonens yttervegg. I eit utkantstrøk vil ein finna tilsvarende magnetfelt ved om lag 5 meter avstand frå nettstasjonens yttervegg.

### 5.5.5 Magnetfelt frå kabelskap

Sidan det er høge straumar på oppimot 400 A i eit kabelskap vil det vera høge magnetfelt i nærleiken av skapa. 1 meter frå skapet kan ein måla verdiar på over 1 µT, men dette feltet vil minka betydelig når avstanden frå kabelskapet aukar.

## 5.6 Måling av magnetfelt

Sidan REN er uklåre når det kjem til eksakte verdiar på storleiken til magnetfelta har vi målt desse i eit byggefelt tilsvarende Storehaugen byggefelt.

Vi målte magnetfelt i eit byggefelt på Farsund i Førde. Dette byggefeltet skal vera noko tilsvarende Storehaugen byggefelt. Det har TN-nett, ein transformator på 630 kVA og 83 abonnentar i kretsen. Ein del av abonnentane er i fleirmannsbustadar, så sjølv om talet på abonnentar er høgare her enn i Storehaugen går vi utifrå at det kan samanliknast med nettet i Storehaugen byggefelt, sidan vi reknar med at det kjem fleirmannsbustadar og bustadar med utleige her også.

Vi gjennomførte målingane våre den 08.05.2015 kl. 13.00, eit tidspunkt der forbruket ikkje er veldig høgt. Til å måla nytta vi måleinstrumentet Combinova MFM 10. Under måling er det viktig at instrumentet er i knehøgd og at ein måler 90° på feltet.

### 5.6.1 Resultat av måling rundt nettstasjon

I delkapittel 5.2 skreiv vi at magnetfelt er svært avhengig av straum. Vi målte straumen i kvar fase på lågspentsida i nettstasjonen, og gjennomsnittet for fasane var 166,8 A.

Magnetfelt målt inni nettstasjonen: 4,558 µT. Tabell 10 syner kva resultat vi fekk for målingane våre.

Tabell 10 Resultat frå magnetfeltmåling rundt ein nettstasjon

| Retning/<br>Avstand | 0 m      | 0,5 m    | 1 m      | 2 m      | 5 m       | 10 m                                       |
|---------------------|----------|----------|----------|----------|-----------|--|
| Front               | 0,909 µT | 0,480 µT | 0,547 µT | 0,226 µT | 0,0018 µT | Terreng<br>gjer det<br>vanskeleg å<br>måla |
| Venstre             | 4,37 µT  | 3,292 µT | 1,793 µT | 0,393 µT | 0,044 µT  | 0,0037 µT                                  |
| Høgre               | 1,125 µT | 0,642 µT | 0,515 µT | 0,397 µT | 0,384 µT  | 0,376 µT                                   |
| Bak                 | 3,086 µT | 1,670 µT | 0,507 µT | 0,157 µT | 0,057 µT  | 0,055 µT                                   |

Vi fekk ikkje målt magnetfeltet 10 meter frå fronten på nettstasjonen fordi det var ein bratt skråning der. Sidan magnetfelta var innafor grenseverdien ved fem meter, går vi utifrå at dei også er innafor ved større avstand. På den venstre veggen av nettstasjonen står det eit stort kabelskap som påverkar målingane i denne retninga i stor grad.

### Drøfting av for magnetfeltmåling

Frå tabell 10 ser vi at ved 2 meter avstand frå nettstasjonen er alle målingane innafor grenseverdiane.

I byggefeltet i Storehaugen skal nettstasjonen stå på ei eiga tomt, og ifølgje plan- og bygningslova skal det som regel vera minimum 4 meter frå bustadhus til tomtegrense [51], så då reknar vi ikkje med at det kjem hus nærmare enn 5 meter frå nettstasjonen. Det høgste magnetfeltet vi målte ved 5 meter avstand var 0,384 µT, noko som er innafor grenseverdien, sjølv om dette var målt på den sida det stod eit kabelskap.

## 5.6.2 Resultat av måling rundt kabelskap

Straum i kabelskapet på måletidspunkt: 66 A. Tabell 11 syner resultat frå målingar rundt kabelskap.

Tabell 11 Resultat frå magnetfeltmåling rundt eit kabelskap

| Avstand | 0 m   | 0,5 m | 1 m   | 2 m   | 5 m   | 10 m  |
|---------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Felt    | 5,912 | 0,896 | 0,675 | 0,554 | 0,203 | 0,071 |

### Konklusjon for måling av magnetfelt rundt kabelskap

Frå tabell 11 ser vi at ved 5 meter avstand frå nettstasjonen er målingane innafor grenseverdiane.

I prosjekteringa av byggefeltet har vi sett kabelskapa i tomtegrensene, noko som vil seia at det kan komma eit hus 4 meter frå kabelskapet. Om det kjem eit hus så nær kabelskåpa, skal ein greia ut om moglege tiltak, opplysa om kostnadene, samt andre fordelar eller ulemper med desse og grunngje dei tiltak som vert anbefalt gjennomført eller ikkje. Dette er ikkje noko vi kan ta omsyn til no, då vi ikkje veit noko om kva hus som vert bygd i feltet.

Vi ønskjer å påpeika at målingane våre er enkeltmålingar, og at vi ikkje kjenner nøyaktigheita til måleinstrumentet.


## 6 Prosjektering

I dette kapittelet ser vi på prosjekteringsarbeidet vi har gjort med distribusjonsnettet i Storehaugen byggefelt.

### 6.1 Plassering av komponentar i nettet

Før vi begynte å teikna distribusjonsnettet i Netbas laga vi ein plan for kor vi ønskja å plassera kabelskap og kva tomter som høyrte til kvart kabelskap. Deretter bestemte vi trasé for matekablar som forsyner kabelskapa. Vi har lagt stor vekt på at nettet vårt skal vera oversiktleg og ryddig.

Figur 35 syner distribusjonsnettet med dei plasseringane av komponentar vi har valt. Vi kjem i dette delkapittelet tilbake til plassering av alle komponentane i kartet.



Figur 35 Kart over distribusjonsnettet teikna i Netbas

### 6.1.1 Nettstasjon

Nettstasjonen bør plasserast sentralt i byggefeltet for at avstanden til alle tomtene skal vera så liten som mogleg for å få høge kortslutingsstraumar og låge tap i nettet. I figur 35 er nettstasjonen plassert om lag midt i byggefeltet.

Elles må ein ved plassering av nettstasjon ta omsyn til

- magnetiske felt
- tilfredstillande jordsmonn og global jord
- avstandar til bygningar med omsyn til brann
- tilgjengeleghet for transport og andre anleggsdelar
- offentlege og private interesser
- lett tilgjengeleg plassering for seinare drift og vedlikehald
- tilgjengeleghet for aggregat
- krav til stabil og telefri fundamentering

Av desse faktorane såg vi på til magnetiske felt i kapittel 5, og tilfredstillande jordsmonn og global jord kjem vi til i delkapittel 6.8. Nettstasjonen er prefabrikkert, tek stor plass og må stå midt i byggefeltet, noko som fører til at vi ikkje har mange plasseringar å velja mellom. Vi har sett den midt i feltet, og ein tek då omsyn til punkta ovanfor.

I følgje FEF 2006 (§2-17) skal ikkje nettstasjonen vera verken skjemmande, sjenerande eller skadeleg for omgivnadane. Det skal også takast omsyn til naboane sine ønskjer om plassering av nettstasjonen dersom det ikkje fører til ekstra kostnad [26]. Sidan plassering av nettstasjonen er avgjort før tomtesalet startar ser vi ikkje føre oss at dette skal verta eit problem for beboarane ifeltet.

I delkapittel 3.1 beskrev vi nettstasjonen Siemens Sinett I som vi har valt å nytta. Nettstasjonen har trekleding og passar difor godt inn i eit typisk norsk byggefelt.

### 6.1.2 Kabelskap

Kabelskapa plasserte vi slik at avstanden frå kabelskapet til tomtene ikkje var lenger enn om lag 100 meter. Om stikkablane vert for lange vil ein få problem med spenningsfall og kortslutingsstraumar. Vi har plassert kabelskapa trafikksikkert med tanke på påkøyrsel, brøyting og i den grad det er mogleg utanfor "allfarveg" for fotgengrarar og barn. Kabelskapa er plassert i tomtegrensene for å forhindre problem med magnetfelt i bustadane og konflikt med oppkøyrlar.

Plasseringa av kabelskapa i kartet er vist i figur 35 og plassering i nettskjema er vist i vedlegg 9. I vårt nett har vi åtte kabelskap med fire til sju abonnentar tilkopla kvart skap. I tillegg er det to abonnentar som er direkte tilkopla nettstasjonen, desse er grunnen til at vi ikkje har kabelskap nr. 7 i teikninga. Desse abonnementane står som nr. 7 i nettskjema.

### 6.1.3 Oppdeling av kursar

I nettstasjonen er det kortslutingsvern som vert tilkopla matekabler som forsyner eit eller fleire kabelskap, heretter kallar vi desse verna kursar. Ved oppdeling av kursar er det viktig å sørga for at ein kurs ikkje vert belasta meir enn 400 A grunna skinnene i kabelskapa, og at belastinga av matekabelen må vera innanfor straumleiingvna den har. Vi har delt opp i fire kursar som forsyner fire til tretten abonnentar. I tillegg er to abonnentar kopla direkte til nettstasjonen av praktiske årsakar. Tabell 12 viser oversikt over kva kabelskap som er knytt til kva kurs.

Tabell 12 Oversikt over kursar i distribusjonsnettet

| Kurs nr. | Kabelskap nr. tilknytt | Straum ved 10 kW per ab. |
|----------|------------------------|--------------------------|
| 1        | 1 og 2                 | 166                      |
| 2        | 3                      | 60                       |
| 3        | 4, 5 og 6              | 229                      |
| 4        | 8 og 9                 | 197                      |

#### 6.1.4 Kabeltraséar

Ein kabel vert lagt i ein trasé. Figur 35 i byrjinga av kapittelet syner kart over planen vår teikna i Netbas. Grøn stipla linje betyr at det ligg ein lågspentkabel i grøft. Raud og blå stipla linje betyr at det ligg ein høgspentkabel i grøft.

Vi har lagt høgspentkablene som kjem frå nabobyggefeltet Steia langs vegen mellom byggefelta opp til nettstasjonen. Frå nettstasjonen har vi lagt matekablar i kvar sin retning mot kabelskapa. Av praktiske grunnar kryssar vi ikkje vegen eller høgspentkablene meir enn nødvendig. Kablane frå eit kabelskap kryssar vegen ein gang.

#### 6.2 Dimensjonering av lågspentkablar

I delkapittel 3.3 beskrev vi kablane vi nyttar i Storehaugen byggefelt. Sunnfjord Energi nyttar 240 mm<sup>2</sup> til matekablar og 50 mm<sup>2</sup> til stikkablar. Om det let seg gjera vil vi nyttja desse tverrsnitta.


Ein kabel vert dimensjonert med omsyn til overbelastning, kortslutning og spenningskvalitet. Ein må vurdera leidningstverrsnitt i forhold til spenningskvalitet og forleggingsmåte. Ein bør også vurdera økonomisk tverrsnitt, dette gjer vi i delkapittel 7.3, velja riktig verdi for overbelastningsvern og sjekka verna i forhold til kortslutningsverdiar. Også bør ein vurdera vern og selektivitet, dette gjer vi i delkapittel 6.6 og 6.7 [52].

Dimensjoneringa av kablar er svært avhengig av straumen og lengda på kablane. For å sikra at kablane er høgt nok dimensjonerte i levetida til anlegget har vi teke utgangspunkt i 10 kW ikkje-samanfallande maksimaleffekt per abonnent. Å utbeta kablane seinare er svært kostbart sidan ein må grava grøftene opp igjen. Det kan også komma fleirmannsbustadar i feltet der vi har teikna inn einebustadar, så vi veit at det på nokre av matekablane vil vera høgare straumar i samanlikna med prosjektert nett.


##### 6.2.1 Spenningskvalitet

Spenninga i leveringspunktet, hjå abonnenten, skal vera innanfor 10 % av nominell verdi. I eit 400 V TN nett skal spenninga ligga mellom 360 V og 440 V hjå abonnenten. Ved ei for låg spenning i nettet vil kundar kunne oppleve problem som redusert effekt ved oppvarming, redusert belysning, redusert levetid på komponentar og feilfunksjon av elektrisk utstyr. Ved ei for høg spenning ryk lyspærer oftare og elektronisk utstyr kan havarera [24].

Ved å sjå på ein kabel kan vi forklara kva spenningsfall i nettet er. Vi går ut frå at alle laster er balanserte trefase laster slik at vi kan forenkla til einlinje-ekvivalentskjema som vist i figur 36. Vi tenker oss at  $V_S$  i figuren er spenninga ved transformatoren medan  $V_L$  er spenninga ved abonnenten. Spenningsfallet vil ligga over  $R$  og  $jX$  som er impedansen i kabelen. I figur 37 er fasediagrammet til figur 36 vist. I fasediagrammet ser vi at spenninga ved transformatoren ( $V_S$ ) har ein lengre vektor enn spenninga ved abonnenten ( $V_L$ ), differansen mellom desse vektorane er spenningsfallet.  $V_S$  har ein faseforskyvingsvinkel  $\phi$  på grunn av kapasitans i kabelen og ein induktiv last. Vi merkar oss at figuren reknar med ei last med  $\cos \phi = 0,9$  medan vi ser vekk ifrå effektfaktoren sidan denne er høg i Noreg.



Figur 36 Fase til nøytral ekvivalentskjema [4]



Figur 37 Fasediagram [4]

Ved bruk av Kirchhoffs spenningslov får vi fra figur 36 at:

Formel 6 [4]

$$V_S = V_L + R \cdot I + jX \cdot I$$

Spenningsfallet er differansen mellom spenningen ved transformatoren ( $V_S$ ) og spenninga hjå abonnementen ( $V_L$ ). Av figur 37 ser vi at vinkelen mellom nettspenninga og lastspenninga er liten, difor kan vi sjå vekk frå den imaginære delen av spenningsfallet. Ei tilnærming til spenningsfallet er gitt ved:

Formel 7 Tilnærming til spenningsfall [4]

$$V_S - V_L \approx Re(R \cdot I)$$

Å rekna ut spenningsfalla i nettet for hand er omfattande sidan ein måtte gjort det for alle kablane. Vi har nytta verdiane som Netbas har rekna ut i vårt arbeid. Ved ei spenning på 408,1 V ved transformatoren er lågaste spenning hjå abonnent 395,1 V med ei belastning på 10 kW per abonnent (vedlegg 20). Dette gjev eit spenningsfall på 3,2 %, noko vi er nøgde med.

### 6.2.2 Kortslutningsyting

Kortslutningsyting er eit mål på kor godt nettet toler kortslutningar eller høge augeblinksbelastningar utan at det vert spenningsforstyrringar (kor stift nettet er). For låg kortslutningsyting (svakt nett) kan føre til store svingingar i spenning ved belastning, og ved belastningar med store startstraumar kan det gi store kortvarige spenningsfall. Vi såg i delkapittel 2.3 på utfordrande elektriske apparat, og om ein har ein høg kortslutningsyting (stift nett) vil desse gi mindre spenningsforvrengingar [24].

Det er eit krav at kortslutningsstraumen er på minst fem gonger inntakssikringa, pluss 50 A. Det vil seia at vi må ha ein kortslutningsstram på  $5 \cdot 50 + 50 = 350$  A. Sunnfjord Energi ønskjer å ha kortslutningsstraumane på over 1000 A, så det er det vi kjem til å prosjektera etter. Det er viktig å ha ein høg nok kortslutningsstram slik at verna løysar ut, vi kjem tilbake til dette i delkapittel 6.6. Om kortslutningsstraumen er for høg har ikkje vernet bryteevne til å bryta kortslutninga. Om kortslutningsstraumane er under 1000 A eller over 10 000 A må ein setja inn eigna vern for dei verdiane [52].

Lågaste kortslutningsstram ved ein abonnent er 1 027 A i nettet. Høgaste kortslutningsstram er 7 582 A. Dermed er alle kortslutningsstraumar i nettet tilfredstillande.

### 6.2.3 Grenseverdi for termisk belastning

Grenseverdien for termisk belastning er den straumen kabelen kan belastast med over lengre tid utan at temperaturen i leiaren overstig anbefalt temperatur. Viss temperaturen i kablane overstig tillat temperatur vil levetida til kabelen verta redusert [52]. Som nemnd i delkapittel 3.3.2 toler kablane vi nyttar 90 °C. I same delkapittel nemnde vi også kva ein korreksjonsfaktor er. Vi tar her for oss korreksjonsfaktorane.

### Kabelens forleggingsdjupne i jord


Så lenge kabelen vert lagt med ei djupn på 0,50-0,70 meter er det ingen korreksjon av straumleiingsevna til kabelen. Om kabelen vert lagt djupare må ein korrigera straumleiingsevna [35].

### Jordtemperaturen

Referanse temperaturen for forlegging i jord er sett til 15 °C. I Noreg er topplasta om vinteren og erfaringar frå bransjen tilseier at ein kan rekna med 5 °C jordtemperatur [52]. Ved denne temperaturen får vi ein korreksjonsfaktor på 1,06 [35].

### Jordas termiske resistivitet

Jordas termiske resistivitet er eit mål for kor lett varmen vert transportert vekk frå kabelen gjennom jorda. Om ein nyttar omfyllingsmassar som anbefalt av REN oppnår vi ein termisk jordresistivitet på 100 °C·cm/W som gjev korreksjonsfaktor 1 [52]. Figur 38 syner temperaturen rundt ein kabel lagt i masse med termisk jordresistivitet på 1,0 °Km/W. Temperaturen på leiaren er 90 °C og temperaturen går ned når avstanden frå leiaren aukar.



Figur 38 Temperaturfordeling rundt ein kabel lagt i masse med termisk jordresistivitet på 1,0 °Km/W [53]

Vi merkar oss at tørr kabelsand har høgare termisk jordresistivitet på 2,1-2,4 °Km/W [53]. Dette er på grunn av at vatn har beitre varmeleiingsevne enn luft [54].

### Forlegging av kablar ved sida av kvarandre

Når ein legg fleire kablar ved sidan av kvarandre vil temperaturen i jorda rundt kablane gå opp. Korreksjonsfaktorar for kablar lagt ved sidan av kvarandre er vist i tabell 13.

Tabell 13 Korreksjon for forlegging av kablar ved sidan av kvarandre med 70 mm innbyrdes avstand [35]

| Tal kablar        | 2    | 3    | 4    | 5    |
|-------------------|------|------|------|------|
| Korreksjonsfaktor | 0,85 | 0,75 | 0,68 | 0,64 |

### Forlegging av kablar i røyr eller kanal

Korreksjonsfaktor ved forlegging av kabel i røyr er 0,80. I kanal eller bygg er korreksjonsfaktoren 0,72 [35]. Ved forlegging av fleire kablar i røyr ved sidan av kvarandre får vi korreksjonsfaktorar som vist i tabell 14.

Tabell 14 Korrekjon for forlegging av kablar lagt i røyr ved sidan av kvarandre [35]

| Tal røyr          | 2    | 3    | 4    | 5    |
|-------------------|------|------|------|------|
| Korreksjonsfaktor | 0,87 | 0,78 | 0,73 | 0,69 |

### Forlegging av kablar i røyr og kablar i grøft

Varmen frå ein kabel lagt i røyr vil vera tilnærma lik varmen frå ein kabel som ikkje er lagt i røyr over tid. Ved utrekning av korreksjonsfaktor for kabel lagt direkte i jord ved sidan av røyr nyttar ein tabell 13. Ved dimensjonering av kabel lagt i røyr ved sidan av kablar i lagt direkte i grøft nyttar ein tabell 14 [52].

### Eksempel på utrekning av korreksjonsfaktor

Vi skal finna korreksjonsfaktoren til dei tre lågspentkablane vist i figur 39 i Storehaugen byggefelt.

- Kablane er lagt i forleggingdjupne på 0,5 meter, noko som er innanfor normalforlegging med korreksjonsfaktor 1.
- Jordtemperaturen går vi utifrå er 5°C som gjev korreksjonsfaktor 1,06.
- Vi nyttar kabelsand som anbefalt av REN med termisk resistivitet på 1,00 °Km/W og får korreksjonsfaktor 1.
- Vi har tre kablar lagt parallelt med 70 mm avstand, som gjev ein korreksjonsfaktor på 0,75.
- Kablane er ikkje lagt i røyr eller kanal.

Samla korreksjonsfaktor for kablane vert  $1 \cdot 1 \cdot 1,06 \cdot 0,75 = 0,795$ .

Belastningsevna for stikkablane vert redusert frå 180 A til 143,1 A.

Belastningsevna for matekabelen vert redusert frå 435 A til 345,8 A.

I vedlegg 7 er grøftesnitta for alle grøftene teikna inn og korreksjonsfaktorar utrekna.

### Kommentar

Korreksjonsfaktorar vert nytta for å hindra at kabelen vert for varm under normal belastning.


Korreksjonsfaktoren for kablar lagt i parallelle er vi usikre på nøyaktigheita til sidan den ikkje tek omsyn til den faktiske varmeutviklinga i kabelen. Om desse korreksjonsfaktorane tek utgangspunkt i at kablane som er lagt i parallelle held 90°C kvar vert dette feil i praksis sidan få kablar er fullt ut belasta.

Tapa i ein kabel som er gitt ved:

Formel 8 Elektriske tap i ein kabel

$$P = I^2 \cdot R$$

Tapa i ein kabel som ikkje er fullt ut belasta vil vera vesentleg lågare enn for ein fullt belasta kabel. Om ein tek utgangspunkt i ein stikkabel vil den sjeldan vera belasta med meir enn 15 A (tilsvarar 10



Figur 39 Grøftesnitt som syner to stikkablar og ein matekabel

kW forbruk hjå abonnementen), ved denne belastninga er tapet i kabelen 144 W/km medan ved merkelast på 180 A er tapet i kabelen 20,8 kW/km.

Varmen i kabelen vert avgitt til jorda rundt gjennom ein varmestraum. Varmestraum vert målt i W og er definert som energi som passerar eit tverrsnitt av ein leiar per sekund. Varmestraumen ut av kabelen er proporsjonal med temperaturforskjellen (mellan leiaaren og jordtemperaturen) og arealet rundt kabelen, og er omvendt proporsjonal med avstanden frå leiaaren. Dette vil sei at temperaturen avtek lineært i jorda med avstanden frå kabelleiaren [54].

Sidan tapet i kabelen ved normal belastning er 0,7 % av tapet ved maksimum belastning tvilar vi på at kabelen i praksis vil ha ein driftstemperatur på 90°C. Ved ein lågare temperatur i kabelen vil også temperaturen i jorda rundt kabelen vera lågare.

### 6.3 Dimensjonering av høgspentkabel

I delkapittel 3.3.2 såg vi på høgspentkabelen vi nyttar. Denne kabelen skal på same måte som lågspentkabelen dimensjonera etter spenningskvalitet, kortslutningsstraumar og med tanke på termisk belastning. Kabelen er lagt i røyr og ligg i delar av traséen i parallel med lågspentkabler, den har ein korreksjonsfaktor på 0,795.

Nettet skal seinare driftast i ring og då vil belastninga på kabelen verte betrakteleg høgare enn i dag. Det er også moglegheit for vidare utbygging av høgspentnettet. Vi har nytta eit tverrsnitt på 240 mm<sup>2</sup> for å ta høgde for framtidige utbyggingar sjølv om denne i dag er overdimensjonert. Med eit tverrsnitt på 240 mm<sup>2</sup> er verdiar for spenningsfall og kortslutningstraumar svært gode.

### 6.4 Dimensjonering av kabelskap

I delkapittel 3.4.1 kan ein lesa om at eit kabelskap inneheld sikringsholdarar med sikringar, tilkopling av matekabel og skiljekontakt der det er aktuelt. Plassen utstyret tek opp er oppgitt i modular. Kabelskapa kjem med plass til 20, 40 og 60 modular. Tabell 15 syner kor mange modular utstyret i kabelskapa tek opp, og her passar det med 40-skap for alle kabelskapa. Kabelskap 3 har utstyr som tek opp 19 modulplassar, men vi å nyttar 40-skap då det lettar arbeidet for montøren. Årsaken til at det ikkje finst eit kabelskap nr. 7 er at to abonnentar er kopla direkte til nettstasjonen.

Tabell 15 Berekning av storleik på kabelskap

| Kabelskap nr. | Sikringsholdar SLD00 | Tilkopling av matekabel AD 300 | Skiljekontakt FD 3300 | Sum modular |
|---------------|----------------------|--------------------------------|-----------------------|-------------|
| 1             | 6 ab. x 4 M          | 3 M                            |                       | 27 M        |
| 2             | 5 ab. x 4 M          | 3 M                            | 7 M                   | 30 M        |
| 3             | 4 ab. x 4 M          | 3 M                            |                       | 19 M        |
| 4             | 5 ab. x 4 M          | 3 M                            |                       | 23 M        |
| 5             | 5 ab. x 4 M          | 3 M                            | 7 M                   | 30 M        |
| 6             | 5 ab. x 4 M          | 3 M                            | 7 M                   | 30 M        |
| 8             | 7 ab. x 4 M          | 3 M                            |                       | 31 M        |
| 9             | 6 ab. x 4 M          | 3 M                            | 7 M                   | 34 M        |

Når utbyggjar har bestemt om, og eventuelt kvar det skal setjast opp fleirmannsbustadar lyt oppdragsgivar vurdera storleiken på kabelskapa på nytt. Om det vert fleire abonnement i kabelskapa kan det verte for lite med eit 40-skap og da må det setjast opp eit 60-skap.

## 6.5 Dimensjonering av transformator

Ein transformator vert dimensjonert etter forventa belastning i kVA. Dei aktuelle dimensjonane vi har å velja mellom er 350 kVA, 500 kVA, eller 630 kVA.

Vi har ved ein effektbruk på 10 kW per abonnent ei total belastning (inkludert tap) på 470 kW i nettet. Ved bruk av Velander til å rekna ut belastninga på transformatoren får vi 220 kW. Belastninga aukar og synk i takt med temperaturstigningane og det er difor ikkje naudsynt å ta omsyn til ein belastningsfaktor.

Vi har valt ein 630 kVA transformator sidan denne vil vera høgt nok dimensjonert om det kjem fleirmannsbustadar i nettet. Verdiar for nettet med ein 630 kVA transformator er gitt i vedlegg 19 - 27. Slik nettet er med 45 abonnementar er transformatoren belasta 36 % når ein reknar effektbruken ved Velander. Ved ein effektbruk på 10 kW per abonnent er transformatoren belasta med 78 %. Vi såg i delkapittel 3.2.1 at denne transformatoren har høgast verknadssgrad ved 37 %.

Prisforskjellen mellom 500 kVA og 630 kVA er ikkje stor, men 500 kVA er eit godt alternativ til 630 kVA då denne mest sannsynleg vil vera høgt nok dimensjonert. Vi har bytta ut transformatoren i planen vi laga i Netbas og sett at verdiane for spenningsfall og kortslutingsstraumar har endra seg noko, men er framleis tilfredstillande. Desse ligg som vedlegg 10 - 18. Ved 10 kW per abonnent er denne transformatoren belasta med 103 %. Ved bruk av Velander er transformatoren belasta 48 %.

Ein transformator på 350 kVA er ikkje eit godt alternativ sidan ein kan risikera at den ikkje er høgt nok dimensjonert ved forbrukstoppene og om det vert mange fleirmannsbustadar.

Slik nettet er med 45 einebustadar vil ein 500 kVA transformator vera høgt nok dimensjonert. Det vil også vera kapasitet til nokre fleirmannsbustadar då vi ikkje ser for oss at kvar abonnent vil trekka 10 kW på same tid. Oppdragsgjevar må vurdera transformatordimensjon når det er avklart kor mange fleirmannsbustadar det kjem i byggefeltet. Forbruket er typisk høgast om vinteren, og då kan ein forsvara å overbelasta transformatoren noko sidan den vil ha god kjøling. Om byggefeltet vert vesentleg utvida ved eit seinare tidspunkt kan ein bytta ut transformatoren då.

## 6.6 Vern

### 6.6.1 Korleis dimensjonera storleiken på eit vern (kurssikring)

Eit vern ( $I_n$ ) skal beskytta ein kabel mot overbelastning. Vernet må tilpassast kabeltversnitt og belastningsstraum ( $I_B$ ) som er den straumen som ein belastning trekker frå nettet.

Definisjonar:

- Belastningsstraum ( $I_B$ ) er den høgaste straumen som belastninga trekker frå nettet. Denne verdien vert enten målt eller berekna. Det er denne straumen ein bereknar for kretsen.
- Vern ( $I_n$ ) er storleiken på kurssikringen som kabelen skal sikrast med slik kabelen ikkje tek skade.
- Straumforsyningsevna ( $I_z$ ) er den maksimale straumen kabelen toler før isolasjonen tek skade med ein omgjevnadstemperatur på 30°C.

Belastningsstraumen ( $I_B$ ) må vera lågare eller lik storleiken på vernet ( $I_n$ ) som igjen må vera lågare eller lik straumleiingsevna ( $I_z$ ) [55].


## 6.6.2 Kortslutningsvern

Alle delar av anlegget i ein elektrisk installasjon skal vera beskytta mot den høgaste kortslutningsstraumen som kan førekomma. Det vil seia at sikringsmateriell, kablar og leidningar som ikkje i seg sjølv toler dei høgste kortslutningsstraumane må ha eit førekopla kortslutningsvern som har stor nok bryteevne til å bryta ein eventuell kortslutningsstraum. Eit kortslutningsvern beskyttar inntaksleidningen mellom inntaket og overbelastningsvernet mot kortslutning. Kortslutningsvernet vert montert i forkant av inntaksleidningen [56]. Ulike typar kortslutningsvern ein kan nytta:

- Effektbrytar er ein brytar i ein straumkrins som er dimensjonert for å slutta, føra og bryta normale belastningsstraumar samt spesifiserte kortslutningsstraumar [57] [58].
- Smeltesikringa består av ein metalltråd som går igjennom sikringa, omgjeven av sand. Om sikringa vert belasta over merkestraumen vil tråden smelta av den høge varmen, straumen vert broten og lysbogen vert sløkt av sanden. Den bryt ein krets når merkestraumen vert overskriden for å beskytta mot overbelastning og kortslutning [58].
- Automatsikring kan i motsetning til smeltesikring koplast inn igjen ved ein trykknapp, fordi det ikkje har er ein stråd som smelter [59].
- Høgeffektsikringar/knivsikringar er ein smeltesikring som vert nytta i høgare effektklassar [60].

Det kan også nyttast kombinerte vern mot overbelastning og kortslutning. Dette vernet kombinerer overbelastnings- og kortslutningsbeskyttelse av inntaksleidningen.

Bryteevna til vernet må vera minst like stor som største kortslutningsstraum som ein kan regna med der vernet vert plassert [61].



Figur 40 Diagram for leiarens karakteristikk saman med sikringskarakteristikk.

I figur 40 ser vi leiarens kabelkarakteristikk sett saman med sikringens karakteristikk. Ein sikring har to kurver; ei smeltekurve og ei utkoplingskurve. Det er utkoplingskurva som bestemmer når sikringa bryt straumen, ikkje smeltekurva, og i skjeringspunktet mellom denne og kabelkarakteristikken ser ein kvar kabelen er beskytta av sikringa [52].

### Dimensjonering av kortslutningsvern i byggefeltet

Kursane har kortslutningsvern plassert i nettstasjon som skal beskytta matekabelen mot kortslutning.

Tabell 16 Data for kursane

| Kurs nr. | Kortslutningsstraum min (A) | Kortslutningsstraum maks (A) | Belastningsstraum $I_B$ (A) | Straumleiings-evne (A) [35] | Kortslutningsvern (A) |
|----------|-----------------------------|------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-----------------------|
| 1        | 2 221                       | 9 392                        | 166                         | 435                         | NH 2 250 A            |
| 2        | 9 421                       | 12 742                       | 60                          | 435                         | NH 2 200 A            |
| 3        | 1 835                       | 8 159                        | 229                         | 435                         | NH 2 315 A            |
| 4        | 2 635                       | 8 306                        | 197                         | 435                         | NH 2 250 A            |

Vi ser i tabell 16 at kriteriet for beskyttelse mot overbelastning ( $I_B \leq I_n \leq I_z$ ) er møtt for alle kursane. Kortslutningsvern til kursane har bryteevne 120 kA [39], og vil kunne bryta ved høgaste kortslutningsstraum.

### Vern i kabelskapa

Det vert montert eit kortslutningsvern på 80 A i kabelskapa før stikkabel inn til kvar abonnent. Dette vernet skal beskytta stikkabelen mot kortslutning, samt beskytta mot overbelastning av kabelen over tid.

Tabell 17 Data for abonnentane med høgast og lågast kortslutningsstraumar

| Kortslutningsstraum min (A) | Kortslutningsstraum maks (A) | Belastningsstraum $I_B$ (A) | Straumleiings-evne $I_z$ (A) [35] | Vern $I_n$ (A) |
|-----------------------------|------------------------------|-----------------------------|-----------------------------------|----------------|
| 1 027                       | 3 419                        | 15                          | 180                               | NH 00 80 A     |
| 2 685                       | 7 582                        | 15                          | 180                               | NH 00 80 A     |

I tabell 17 er nødvendige data for vurdering av kortslutningsvern vist. Alle abonnentane har tilfredstillande minimum kortslutningsstraum slik at kortslutningsvernet på 80 A vil løysa ut ved kortslutning. Kortslutningsvernet har bryteevne på 120 kA [39], og vil kunne bryta ved høgaste kortslutningsstraum.

### Vern hjå abonnentane


Abonnentane har ei inntakssikring plassert i tilknytningsskapet. Det er abonnent som er eigar og er ansvarleg for denne, og har rett til å belaste den fullt ut. Sikringa for einebustadar er på 50 A.

## 6.7 Selektivitet

Selektivitet i eit nett er viktig slik at det vernet som er nærest der ein feil oppstår løyser ut. Det er eit mål at færrest mogleg kundar vert ramma ved feil i nettet.

Ein kan finne ut om ein har selektivitet i nettet ved å samanlikna ulike karakteristikkar for verna og sjå på om den etterkopla smeltesikringas bryteenergi er lågare enn den førekopla smeltesikringas smelteenergi. Den førekopla sikringa si smeltekurve skal ikkje tangera utløysekurva for den etterkopla sikringa som vist i figur 41 [52].

Netbas har ein funksjon for å testa selektiviteten i nettet. Resultatet av denne ligg i vedlegg 27.



Figur 41 figur som syner korleis ein oppnår selektivitet [52]

## 6.8 Jordningssystem

Eit jordingssystem skal sikra at mellom anna berøringsspenningar er i samsvar med krav i føreskriftene, i tillegg til å gi ei god avleiing til jord for overspenningar ved atmosfæriske utladningar eller ved feil på elektriske anlegg [61].

### 6.8.1 Global jord

*FEF 2006 - §1-5, definisjoner: "Global jord: (utbredt jordingssystem) jordingssystem som består av sammenkoplae nærliggende jordingssystem og som sikrer at farlige berøringsspenninger ikke oppstår. Et slikt system kan sies å danne en overflate med samme ekvipotensialnivå [62]. "*

Global jord finn ein typisk i store kabelnett i tettbygde strøk, der det ligg ein blank jordleiar i kabelgrøftene som er knytt saman med alle metalldeler som kan føra jordpotensial i nærliken av dei elektriske installasjonane [61].

### 6.8.2 Vilkår som påverkar jord

Når ein skal vurdera om eit jordingsanlegg er globalt er det fleire forhold som spelar inn, og nokre av desse kan vera vanskeleg å skaffa oversikt over. For å berekna jord treng ein desse parametera:

- Representativ jordresistivitet for området (bør helst målast).
- Einpolt jordfeilstaum for HS-nettet.
- Arealet av området om nettet dekker.
- Tverrsnitt på jordtråden i bakken (denne skal ikkje ver lagt i røyr).
- Total lengde på jordtråden dersom denne er samankopla i HS- og LS-anlegget [61].

### 6.8.3 Prosjektering av global jord i Storehaugen byggefelt

I byggefeltet er jordtråden i høgspent- og lågspentgrøfter samankopla, det vil seia at jordingsnettet er ei sirkelflate. Ved ein jordfeil reknar ein potensialstigninga til denne flata i forhold til sann jord. Ein går ut frå at jordelektrodane innanfor området er nokolunde jamt fordelt. Ved å rekna ut overgangsmotstanden ved formel 9 og nytta resultatet ein får i denne til å rekna ut potensialstigning ved formel 10.

*Formel 9 Overgangsmotstand [17]*

$$R_g = \frac{\rho}{4} \sqrt{\left(\frac{\pi}{A} + \frac{\rho}{L_T}\right)}$$

Formel 10 Potensialstigning [17]

$$U_E = R_g \cdot I_j$$

der

|        |  |                |
|--------|--|----------------|
| $R_g$  | overgangsmotstand for den ekvivalente potensialflaten (sirkel) | [ $\Omega$ ]   |
| $L_T$  | total lengde på jordleiaren i grøft                            | [m]            |
| A      | arealet som jordingsanlegget dekker                            | [ $m^2$ ]      |
| $\rho$ | gjennomsnittleg jordresistivitet for området                   | [ $\Omega m$ ] |
| $I_j$  | einpolt jordfeilstraum   | [A]            |

Om potensialstigninga  $U_E$  er under 150 V har ein global jord [17].

Vi har ikkje målt resistiviteten i jordsmonnet, men vi har i staden for nytta ein tabell og anteke at Storehaugen byggefelt har jordsmonn av sand. Resistiviteten for sand er 1000  $\Omega m$ . Det er ikkje usannsynleg at jordsmonnet på Sande er av sandjord, noko som vil gi betre verdiar for resistivitet [63].

Vi har nytta REN sin kalkulator for utrekning av global jord i byggefeltet [64]. Vi fekk ei potensialstigning på 56,9 V, noko som tilseier at global jord er oppnådd her, sjå vedlegg nr 28.

## 6.9 Resultat av prosjekteringa

Det prosjekteerde distribusjonsnettet oppfyller alle krav til spenningskvalitet, kortslutningsstraumar, selektivitet og jording. Resultata av prosjekteringa er gitt i vedlegg 8 – 27. Vedlegg 8 og 9 syner nettet slik det er prosjektert med namngiving av kabelskap. Vedlegga 10-27 syner verdiar for nettet i nettskjema ved ei belastning på 10 kW per abonnent og ved bruk av Velander. Verdiane som er vist er spenningar i volt, straumar i ampere og belastning av nettet gitt i prosent. I tillegg ligg det teikningar som er uavhengig av belastning som syner kortslutningsstraumar og selektivitet. Det ligg teikningar for nettet med transformatorane 500 kVA og 630 kVA.

## 7 Økonomi

Utbygginga av distribusjonsnettet på Sande har ein investeringskostnad, vi tek for oss denne i delkapittel 7.1. I delkapittel 7.2 tek vi for oss kven som betalar for utbygginga av distribusjonsnettet.

Når nettet er ferdigstilt vil det ha kostnadar knytt til drift, avbrot, vedlikehald og elektriske tap. Vi ser litt på kostnadar knytt til elektriske tap i delkapittel 7.3.6 der vi reknar ut økonomisk tverrsnitt til kablane i nettet. Kostnadar knytt til drift, avbrot og vedlikehald tek vi ikkje omsyn til.

### 7.1 Kostnadskalkyle

Vi har nytta kostnadskalkylen til REN for å laga materielliste, ressursliste og budsjett for utbygginga av distribusjonsnett til Storehaugen byggefelt. Kostnadskalkylen krev lite detaljkunnskap om prosjektet då ein legg inn hovudkomponentane i prosjektet ved budsjettkodar og får opp gjennomsnittsmengder for underliggende kodar.

Materiellprisane i REN sin kostnadskalkyle er basert på innsamla informasjon om innkjøpsprisar frå bransjen. På prisane er det i tillegg lagt til 15 % som skal representera omkostningar for blant anna innkjøp, transport og lager. Dei reelle innkjøpsprisane for nettselskapa er sjeldan dei same som prisane som er angitt i kostnadskalkyla.

Vidare set kostnadskalkylen blant anna føresetnad om at REN-anbefalingar vert nytta, kjende arbeidsmetodar og montasjeteknikkar, lite forstyrringar under utføring og normalt ver [65]. Vi har i samarbeid med rettleiarene vår ved Sunnfjord Energi endra nokre av dei underliggende kodane slik at kostnaden vert meir realistisk med vårt prosjekt sine føresetningar. For eksempel har vi fjerna kostnadar knytt til graving av grøfter då utbyggjar av byggefeltet står for desse.

Den totale kostnaden til prosjektet vårt er berekna til 983 203 kr. Den største utgiftsposten i prosjektet er materialkostnad som inkluderer nettstasjon med innhald, kabelskap, kablar og kabelrøyr. Fullstendig budsjett for utbygginga er gitt i vedlegg 29 Materielliste og ressursliste er gitt i vedlegg 30 og vedlegg 31.

### 7.2 Anleggsbidrag

Anleggsbidrag er den delen av kostnaden knytt til tilkopling av nye kundar til nettet som utbyggjar skal dekka. Anleggsbidrag for nyutbyggingar reknar ein ut ved formel 11.

*Formel 11 Anleggsbidrag [2]*

$$Ab = Ik - Bf - Tg \quad [\text{kr}]$$

der

Ab      anleggsbidrag                    [\text{kr}]

Ik      investeringskostnad            [\text{kr}]

Bf      botnfrådrag                    [\text{kr}]

Tg      tilknytingsgebyr                [\text{kr}]

Botnfrådrag er ein del av investeringskostnaden som nettselskapet dekker. Ved bruk av eit botnfrådrag vert investeringskostnaden til anlegget fordelt mellom kunden som utløyser investeringa og nettselskapet sine resterande kundar [2]. I Sunnfjord Energi opererer ein i dag med eit botnfrådrag på 30 000 kr per tilknyting.

Tilknytingsgebyr er eit gebyr som kan krevjast ved nye tilknytingar [2]. Sunnfjord Energi tek ikkje tilknytingsgebyr.

Frå formel 11 kan vi rekna ut anleggsbidrag for heile anlegget.


$$Ab = 983\ 203 - 30\ 000 \cdot 45 - 0 = -366\ 797 \text{ kr}$$

Anleggsbidraget er her negativt, noko som betyr at botnfrådraget dekker heile utbygginga av distribusjonsnettet i Storehaugen byggefelt.

### 7.3 Økonomisk tverrsnitt

Vi vil finna det tverrsnittet som gjev dei lågaste totale kostnadane gjennom anlegget si økonomiske levetid. Figur 42 syner den totale kostnaden gjennom anlegget si levetid som funksjon av tverrsnittet, der det lågaste punktet på grafen vil vera ved det økonomiske tverrsnittet. Vi skal sjå nærmere på korleis økonomisk tverrsnitt vert rekna ut i dette kapittelet.

I berekningane i dette delkapittelet har vi teke utgangspunkt i straumane i nettet med 630 kVA transformator og standard tverrsnitt. Vi ser vekk frå eventuell framtidig effektauke og kostnadar knytt til vedlikehald, drift, administrasjon og reaktive tap.



Figur 42 Total kostnad som funksjon av tverrsnitt A [mm<sup>2</sup>] ved gitt belastning I [A]

#### 7.3.1 Investeringskostnader

Investeringskostnaden for kablar er gitt ved:

Formel 12 Investeringskostnad [66]

$$K_0 = (k_0 + k_{tv} \cdot A) \cdot l \quad [\text{kr}]$$

der


$k_0$  tverrsnittuavhengig kostnad [kr/km]

$k_{tv}$  tverrsnittavhengig kostnad [kr/km, mm<sup>2</sup>]

A tverrsnitt [mm<sup>2</sup>]

$l$  lengde [km]

Vi ser av formel 12 at deler av kostnaden ikkje er avhengig av tverrsnitt, dette kan for eksempel vera kostnad knytt til fiberrøyr på TFXP-kabelen eller jordleiar på TSLF-kabelen. Resten av kostnaden er knytt til tverrsnitt. Vi har henta prisar på kablane ved forskjellige tverrsnitt frå REN sin kostnadskalkyle. Kostnadane for kablane vi nyttar er vist i figur 43 som funksjon av tverrsnittet.



Figur 43 Investeringskostnad for høgspent- og lågspentkabel som funksjon av tverrsnitt A [mm<sup>2</sup>]

Ved lineær tilnærming kan investeringeskostnaden K<sub>0</sub> skrivast for kablene.

Formel 13 Investeringskostnad for kablene

$$K_0 = (91581 + 684 \cdot A) \cdot l \quad [\text{kr}]$$

$$K_0 = (11957 + 458 \cdot A) \cdot l \quad [\text{kr}]$$

### 7.3.2 Elektriske tap

Tapa i ei overføring er:

Formel 14 Tap i kabel [66]

$$\Delta P = 3 \cdot I^2 \cdot R \quad [\text{W}]$$

Formel 15 Motstand i kabel [66]

$$R = \rho \cdot \frac{l}{A} \quad [\Omega]$$

der

$$\rho \quad \text{resistivitet} \quad [\Omega \text{ mm}^2/\text{km}]$$

Motstanden R i kabelen er avhengig av resistiviteten til leiaren, tverrsnittet og lengda til kabelen. Resistiviteten til aluminium er 30,0 Ω mm<sup>2</sup>/km og 18,2 Ω mm<sup>2</sup>/km for koppar. Kablane vi nyttar har leiar av aluminium.

### 7.3.3 Tapskostnadar

Kapitaliserte tapskostnader i den økonomiske levetida er

Formel 16 Kapitaliserte tapskostnader [66]

$$K_{\Delta P} = 3 \cdot I^2 \cdot \rho \cdot \frac{l}{A} \cdot 10^{-3} \cdot k_{pgj} \cdot \lambda_{r,N} \quad [\text{kr}]$$

der

k<sub>pgj</sub> gjennomsnittleg ekvivalent tapspris i den økonomiske levetid [kr/kW, år]

λ<sub>r,N</sub> kapitaliseringsfaktor med kalkulasjonsrente r og analyseperiode N

*Konstanter*

Sunnfjord Energi reknar med ein tapspris på 27 øre/kWh dei neste 10 åra. Denne prisen er eit anslag, og kjem mest sannsynleg til å endra seg. Det økonomiske tverrsnittet er avhengig av tapsprisen. Om prisen går opp vil også det økonomiske tverrsnittet gå opp.

Vi nyttar ei kalkulasjonsrente på 7 %. Kalkulasjonsrenta er ønskja avkastning på investeringskapitalen, økonomisk tverrsnitt økk når kalkulasjonsrenta stig. Vi har sett økonomisk levetid til 30 år, men faktisk levetid er truleg høgare. Om ein aukar den økonomiske levetida vil økonomisk tverrsnitt auka sidan ein tek med tapskostnadane over fleire år. Verdiane for kalkulasjonsrenta og levetida gjev ein kapitaliseringsfaktor på 12,41.

### 7.3.4 Totale kostnadar

*Formel 17 Totale kostnadar [66]*

$$K_{tot} = (k_0 + k_{tv} \cdot A) \cdot l + 3 \cdot I^2 \cdot \rho \cdot \frac{l}{A} \cdot 10^{-3} \cdot k_{pgj} \cdot \lambda_{r,N} \quad [\text{kr}]$$

Optimalt økonomisk tverrsnitt er når dei totale kostnadane er lågast. Matematisk kan det utrykkast ved å derivera kostnadsfunksjonen og setta resultatet lik 0.

*Formel 18 Optimalt økonomisk tverrsnitt [66]*

$$\frac{dK_{tot}}{dA} = (k_0 + k_{tv} \cdot A) \cdot l + 3 \cdot I^2 \cdot \rho \cdot \frac{l}{A} \cdot 10^{-3} \cdot k_{pgj} \cdot \lambda_{r,N} = 0$$

$$A = \sqrt{\frac{3 \cdot I^2 \cdot \rho \cdot 10^{-3} \cdot k_{pgj} \cdot \lambda_{r,N}}{k_{tv}}} \quad [\text{mm}^2]$$

Ser vi tilbake på figur 42 ser vi at auken i totalkostnad er liten når tverrsnittet går over optimalt tverrsnitt, så det kan vera riktig å velja eit større tverrsnitt for å ta omsyn til ei eventuell framtidig belastningsauke. Ofte vil det optimale økonomiske tverrsnittet vera større enn nødvendig tverrsnitt med tanke på oppvarming og spenningsfall [34].

### 7.3.5 Belastning og brukstid

I delkapittel 2.2 såg vi på energiforbruk i distribusjonsnettet og korleis lasta endrar seg gjennom året og døgnet, derfor vil ikkje belastninga på kablane vera konstant. Tapa i overføringane er svært avhengige av straumen i kabelen som vist i formel 14 og belastninga vi legg til grunn i berekningane gjev difor stor innverknad på resultatet.

Om vi tek utgangspunkt i eit årleg forbruk på 20 000 kWh gjev det ein gjennomsnittleg straum på 3,36 A. Å ta utgangspunkt i dette vert feil sidan tapet ikkje aukar proporsjonalt med straumen.

I REN sine berekningar av økonomisk tverrsnitt tek dei utgangspunkt i at ein stikkabel er belasta 1200 timer i året med maksimal belastning. Dei nyttar ei tilsvarende brukstid på 1900 timer i året for matekabler [67].

Vi har i tillegg valt å rekna ut økonomisk tverrsnitt for straumane som Netbas har rekna ut ved bruk av Velander og eit årleg forbruk på 20 000 kWh. Sjå delkapittel 2.2.2 for koeffisientar og meir informasjon om Velander. Vi har nytta ei brukstid på 4545 timer som den inverse av Velanderkoeffisient 1. SINTEF har berekna ei tilsvarende brukstid på tap på 3950 timer for einebustadar, men dei har noko høgare Velanderkoeffisientar enn Netbas nyttar som standard [18]. Difor vil desse gje om lag det same resultatet.

### 7.3.6 Økonomisk tverrsnitt

Til å rekna ut dei økonomiske tverrsnitta og laga diagram har vi nytta ein sjølvlagt kalkulator i Excel som ligg i vedlegg 32. Denne er basert på formlane vi har presentert i dette kapittelet. I denne kan ein enkelt endra kabelprisar og andre konstantar.

### Høgspentkabelen

Ved bruk av Velander er straumen i kabelen berekna til 6 A ved eit årleg forbruk på 20 000 kWh per abonnent. Ved innsetting i formel 18 får vi:

$$A = \sqrt{\frac{3 \cdot 6^2 \cdot 30,0 \cdot 10^{-3} \cdot 0,27 \cdot 4545 \cdot 12,41}{684}} = 8,5 \text{ mm}^2$$

Ved ei belastning på 10 kW per abonnent er straumen 13 A i høgspentkabelen. I REN sin kalkulator for økonomisk tverrsnitt tek dei utgangspunkt i ei brukstid på 1900 timer ved maksimum belastning. Økonomisk tverrsnitt vert då:

$$A = \sqrt{\frac{3 \cdot 13^2 \cdot 30,0 \cdot 10^{-3} \cdot 0,27 \cdot 1900 \cdot 12,41}{684}} = 11,9 \text{ mm}^2$$

Vi får her eit svært lågt økonomisk tverrsnitt og det minste tverrsnittet høgspentkabelen vert produsert i er 50 mm<sup>2</sup>. Å nytta dette tverrsnittet kan vera problematisk med tanke på kortslutningsstraumar og sidan kabelen skal vera ein del av eit ringnett.

### Lågspentkablane

Frå vedlegg 21 og 22 finn vi straumane i kablane ved Velander og ved 10 kW belastning i kvar abonnent. Økonomisk tverrsnitt er rekna ut ved bruk av formel 18.

Tabell 18 Økonomisk tverrsnitt for lågspentkabler i Storehaugen byggefelt

|                    | Alternativ 1                         |                               | Alternativ 2                 |                               |
|--------------------|--------------------------------------|-------------------------------|------------------------------|-------------------------------|
|                    | Straum [A] ved Velander (20 000 kWh) | Tverrsnitt [mm <sup>2</sup> ] | Straum [A] ved 10 kW per ab. | Tverrsnitt [mm <sup>2</sup> ] |
| <b>Stikkabel</b>   | 10                                   | 17,3                          | 15                           | 13,3                          |
| <b>Matekabel 1</b> | 32                                   | 55,4                          | 60                           | 67,1                          |
| <b>Matekabel 2</b> | 40                                   | 69,2                          | 77                           | 86,1                          |
| <b>Matekabel 3</b> | 47                                   | 81,3                          | 91                           | 101,8                         |
| <b>Matekabel 4</b> | 54                                   | 93,4                          | 106                          | 118,6                         |
| <b>Matekabel 5</b> | 76                                   | 131,5                         | 153                          | 171,1                         |
| <b>Matekabel 6</b> | 82                                   | 141,9                         | 166                          | 185,7                         |
| <b>Matekabel 7</b> | 96                                   | 166,1                         | 197                          | 220,3                         |
| <b>Matekabel 8</b> | 111                                  | 192,0                         | 229                          | 256,1                         |

Frå tabell 18 ser vi at økonomisk tverrsnitt ved bruk av dei to datagrunnlagene er nokså like. Ved bruk av alternativ 1 er samtidssfaktor medrekna i motsetning til ved bruk av alternativ 2. Difor meiner vi at alternativ 1 gjev dei det mest riktige tverrsnitta for matekablene.

#### 7.3.7 Lågspentnettet ved økonomisk tverrsnitt

|             | 6. mai. 2015  | 5,5   | Magnetfelt, prosjekadministrasjon, Transformatorbytte     | 6,5               | Transformatorbytte, økonomi  |
|             | 7. mai. 2015  | 6,5   | Prosjekadminitsrasjon, samtale med Nils                   | 6                 | Rapport: prosjektering       |
|             | 8. mai. 2015  | 6     | Måling av magnetfelt, skriving til rapport                | 11                | Magnetfelmåling, rapport     |
|             | 9. mai. 2015  | 5,5   | Rapport   | 5                 | Rapport                      |
|             | 10. mai. 2015 | 6     | prosjektadministrasjon, føreord, innleiing, samandrag     | 5,5               | Rapport                      |
|             | 11. mai. 2015 | 5,5   | HMS, rapport  | 5                 | Rapport                      |
|             | 12. mai. 2015 | 6,5   | HMS, rapport  | 9                 | HMS, rapport                 |
| 19          | 13. mai. 2015 | 8     | Rapport   | 7                 | Rapport                      |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
| 20          |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |
|             |               |       |   |                   |                              |

## Vedlegg 39: Timelister

| Mie Neumann           |               |       |             | Mariell Hermansen |           |
|-----------------------|---------------|-------|-------------|-------------------|-----------|
| Veke                  | Dato          | Timar | Kommentar   | Timar             | Kommentar |
| 21                    | 14. mai. 2015 | 7     | Rapport     | 8                 | Rapport   |
|                       | 15. mai. 2015 | 9     | Rapport     | 9                 | Rapport   |
|                       | 16. mai. 2015 | 7     | Rapport     | 4,5               | Rapport   |
|                       | 17. mai. 2015 |       |             | 1                 | Rapport   |
|                       | 18. mai. 2015 | 8,5   | Rapport     | 9,5               | Rapport   |
|                       | 19. mai. 2015 | 8     | Rapport     | 8,5               | Rapport   |
|                       | 20. mai. 2015 | 9     | Rapport     | 7                 | Rapport   |
|                       | 21. mai. 2015 | 7,5   | innlevering | 7,5               | Rapport   |
|                       | 22. mai. 2015 | 0,5   | Innlevering | 0,5               | Rapport   |
|                       | 23. mai. 2015 |       |             |                   |           |
| 22                    | 24. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       | 25. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       | 26. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       | 27. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       | 28. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       | 29. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       | 30. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       | 31. mai. 2015 |       |             |                   |           |
|                       |               |       |             |                   |           |
|                       |               |       |             |                   |           |
| Sum timer pr 22.05.15 |               | 446   |             | 445               |           |

## Vedlegg 40: Møteinnkalling og møtereferat



Til: Oddbjørn Thune-Myklebust, Joar Sande, Nils Westerheim, Mariell Hermansen

Frå: Mie Neumann

Kopi:

Dato: 03.03.15 kl 14:00

Stad: Grupperom Sande, Høgskulen

### **Møteinnkalling til styringsgruppemøte nr. 1**

**Møtedato tysdag 03.03.15 kl. 14:00**

**Prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggefelt**

#### **Sakliste**

1. HMS-status sidan sist
2. Godkjenning av referat førre møte
3. Godkjenning av forprosjektrapport
4. Status framdrift
5. Framdriftsplan
6. Ressurssituasjon og økonomi
7. Prosjektavtale
8. Risikovurdering
9. Avvik og endringar
10. Oppsummering
11. Neste møte
12. Ymse (prosjektnamn)

Til: Oddbjørn Thune-Myklebust, Joar Sande, Nils Westerheim og Mariell Hermansen

Frå: Mie Neumann

Kopi:

Dato: 04.03.2015

Til stades: Oddbjørn Thune-Myklebust, Joar Sande, Mie Neumann og Mariell Hermansen

## **Møtereferat frå styringsgruppemøte nr. 1**

**03.03.2015 kl. 14.00**

**Prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggjefelt, Sande.**

### **Sakliste**

HMS-status sidan sist: i dette prosjektet er det ikkje noko spesielle omsyn å ta med tanke på HMS. Ved synfaring er det ikkje fare for fallande objekt.

Godkjenning av referat frå førre møte: dette er første møtet, ingen referat å godkjenne.

Godkjenning av forprosjektrapport: Joar og Oddbjørn har ikkje noko innvendingar på rapporten. Når dei har lese rapporten har dei ikkje sett noko særleg på det faglege innhaldet, mest på oppbygginga og det prosjektfaglege. Nils kan komma med innspel på det faglege innhaldet om han har noko på dette. Om det viser seg at oppgåva vert for lita, er det lett å utvide den (ta med berekingar av kabeltversnitt størrelse på trafo osv.)

Status framdrift i forhold til plan: Framgang er grei, framgangen er i henhold til planen. Ligg ei veke etter mtp. REN-blad, men dette er ikkje noko å bekymra seg for.

Ressurssituasjon (timeforbruk) og økonomistatus: Vi ligg på mellom 90-100 timer pr. student, økonomistatus er uendra.

Risikovurdering: Framgangen i prosjektet er bra, men me kan enda opp på mindre timer enn kva me planla i forprosjektet.

Avvik og endringar. Avvikshandtering: litt få timer, men det gjer me ikkje noko med, sidan det ikkje har gått utover framdrifta.

Ymse: Prosjektnamnet vert endra frå prosjektering av distribusjonsnett i Steiafeltet til prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggjefelt, Sande.

Joar opplyser om vurdering av prosjektet. NRT sine retningslinjer ang. vekting skal føljast. Det vert utspørjing av kandidatane gruppevis etter presentasjonen 28. mai. På denne utspørjinga skal kvar student kunne stå innafor heile prosjektet. Det er ein ekstern sensor og Nils som spør ut.

Oddbjørn informerer om at me har teke som føresetnad at det ikkje vert bygd fleirmannsbustadar, berre einebustadar, sidan reguleringsplanen ikkje er godkjent endå.

Planar for neste periode. Kven er ansvarleg(e): plan for neste periode er å ferdigstilla prosjekteringen, samt gå igjennom REN.

Neste møte vert 24.03.2015 kl. 14.00

Mie Neumann

Til: Mariell Hermansen, Oddbjørn Thune-Myklebust, Nils Westerheim og Joar Sande

Frå: Mie Neumann

Kopi:

Dato: 20.03.2014

## **Møteinkalling til styringsgruppemøte nr. 2**

**Måndag 30.3.2015 kl. 14.00**

**Grupperom Sande**

### **Sakliste**

1. HMS-status sidan sist
2. Godkjenning av referat frå førre møte
3. Status framdrift
4. Ressurssituasjon og økonomi
5. Risikovurdering
6. Ansvarlig for styringsgruppa
7. Måling av magnetfelt
8. Oppsett rapport
9. Avvik og endringar
10. Ymse
11. Oppsummering
12. Neste møte

Til: Mariell Hermansen, Joar Sande, Nils Westerheim, Oddbjørn Thune-Myklebust

Frå: Mie Neumann

Kopi:

Dato: 30.03.15

## Møtereferat frå møte nr. 2

**30.03.2015**

### **Prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggjefelt**

#### **Sakliste**

#### **Sakliste**

1. HMS-status sidan sist  
Vi har ingen store saker her, anna enn at den eine stolen på Sunnfjord Energi er litt kip, og at det til tider kan bi dårlig inneklima.
2. Godkjenning av referat frå førre møte  
Dette ser bra ut.
3. Status framdrift  
Vi er ferdige med prosjekteringen i Netbas, med kostnadskalkylen. Vi har begynt på rapportskrivinga. Etter midtvegspresentasjonen skal vi ta til på risikovurdering og magnetfelt, samt vurdering av økonomisk tverrsnitt.
4. Ressurssituasjon og økonomi  
Uendra
5. Risikovurdering  
Prosjektet går bra, risikoene vert mindre jo lengre vi kjem
6. Ansvarlig for styringsgruppa  
Oddbjørn gir ifrå seg ansvaret for styringsgruppa til Nils
7. Måling av magnetfelt  
Vi kunne tenke oss ut å måle magnetfelt. Sidan dette er nemnt i forprosjektrapporten er dette noko vi føler vil gi variasjon i prosjektoppgåva. Nils meiner at data vi finn er bortimot ubrukelige, pga. målenøyaktighet og at vi ikkje kjener straumane. Vi antek at straumforbruk er gjennomsnittleg, og tek dei forbehold som er naudsynt.

8. Oppsett rapport

Vi har laga ei oppsett over kva vi føler at er naudsynt i rapporten. Her lyt vi hugse å ta med prosjektstyringsdel, då spesielt drøfting om gjennomføring og resultat.

9. Avvik og endringar

Vi legg føre planen

Vi har utvid delen om magnetfelt til å omfatta målingar.

10. Ymse

Vi viste Joar framsyningen vi har laga i Prezi, og han tykte den såg bra ut. Presentasjonen skal ta om lag 15 minutt, me satsar på å bruke mellom 10-15 minutt. Vi skal ha presentasjon 09:30.

Sidan Nils ikkje kan møta på midtvegspresentasjonen kjem Joar til å vurdere desse for han. Vi skal i ettertid sende presentasjonen til Nils slik at han kan sjå på desse.

11. Oppsummering

Neste møte: Me føresler at me tek eit møte 27. april, sidan me skal vera ferdig med økonomisk tverrsnitt og magnetfelt og miljø då. Om det er mogeleg ynskjer vi å snakka med Nils før dette angåande oppbygging av prosjektet, samt om berekning av økonomisk tverrsnitt.

Mie Neumann

Til: Mariell Hermansen, Nils Westerheim, Oddbjørn Thune-Myklebust, Joar Sande.

Frå: Mie Neumann

Kopi:

Dato: 21.04.2015

### **Møteinnkalling til styringsgruppemøte nr. 3**

**Måndag 27.04.2015 kl. 13.00**

**Prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggjefelt**

#### **Sakliste**

1. HMS-status sidan sist
2. Godkjenning av referat frå førre møte
3. Status framdrift
4. Status rapport
5. Ressurssituasjon og økonomi
6. Risikovurdering
7. Avvik og endringar
8. Ymse
9. Oppsummering
10. Neste møte

Til: Joar Sande, Nils Westerheim, Oddbjørn Thune-Myklebust

Frå: Mie Neumann

Kopi:

Dato: 28.04.15

## Møtereferat frå møte nr. 4

**28.04.15**

### **Prosjektering av distribusjonsnett i Storehaugen byggjefelt.**

#### **Sakliste**

1. HMS-status sidan sist

Uendra

2. Godkjenning av referat frå førre møte

Dette er OK

3. Status framdrift og Rapport

Vi ligg litt eter skjema med tanke på magnetfelmåling, men dette kan kunne ikkje vi forhindre. Vi er ferdig med om lag 90% av økonomisk tverrsnitt, det gjenstår å skrive litt på rapporten om dette temaet. Vi har igjen å skriva noko om prosjekteringen. Vi har laga til ein grundig disposisjon til rapporten. I neste veke skal vi vera me på ein årleg og 10-årig kontroll av nettstasjon, som ein del av HMS-kapittelet. Vi har fått mykje info om dette frå Per Gunnar Myklebust. Når vi er ferdige med dette ynskjer vi å sjå på lastfordeling og forbruksmønster. Vi vil då sjå på korelis ein kan dimensjonera nettet sidan forbruksmønsteret vil bli endra etter AMS vil bli innført. Vi må hugse å ta med eventuelle punkt som har eit høgt momentanforbruk.

4. Ressurssituasjon og økonomi

Vi har i underkant av 300 timer. Om vi ikkje får 500 timer når oppgåve vert innlevert vil ikkje dette påverka i negativ retning. Dei siste vekene har vi lege på om lag 25 timer i veka.

5. Risikovurdering

Vi er komme så langt ut i prosjektet av risikoene vert mindre og mindre.

6. Avvik og endringar

Magnetfelmåling er utsatt. Nils skal ta kontakt med A. Tefre for å høyra kva slags målar dei har på Sunnfjord Energi, og forsøke å få lånt oss ein slik.

## 7. Ymse

Presentasjonen var bra, at vi brukte Prezi som presentasjonsverktøy vart godt motteke. Nettstaden er også bra. Vi legg ikkje ut alt vi driv med på nettstaden, sidan vi ikkje ynskjer å dele alt.

Oppgåva vår oppfyll kravet om å vera nyskapande om vi tek med litt om AMS og forbruk. Når vi nyttar kjelder er det viktig å velja pålitelege kjelder, om ein bruker Wikipedia; sjekk originalkjeldene!

Pressemeldinga skal vera omlag eit avsnitt det vi kan fortella om at det kjem eit nytt byggefelt og litt om smarte målarar.

Plakaten skal gjerast klar til 26. mai. Joar skal laga til oversikt over presentasjonen i løpet av neste veke.

På presentasjonen kan vi invitera oppdragsgivar og dei vi har samarbeida med.

## 8. Oppsummering

Det går bra med prosjektet, vi satsar på å ha klart eit første utkast av rapporten i byrjinga i neste veke som Joar og Nils skal lesa gjennom og gi tilbakemelding på.

## 9. Neste møte

Vi kallar inn om vi føler det er naudsynt med fleire møter. Slik det er no føler vi ikkje at det er naudsynt.

Mie Neumann




# STUDENTARBEID

FORPROSJEKTRAPPORT

## Prosjektering av distribusjonsnett i Steiafeltet

16.02.15



EL2-305 Bacheloroppgåve  
Avdeling for ingeniør- og naturfag  
Mie Neumann og Mariell Hermansen

Prosjektnettstad:  
<http://studprosjekt.hisf.no/~15steia>

# STUDENTRAPPORT

Boks 523 , 6803 FØRDE. Tlf: 57722500, Faks: 57722501 www.hisf.no

|   |   |   |
|---|---|---|
| <b>TITTEL</b><br>Prosjektering av distribusjonsnett i Steiafeltet   | <b>RAPPORTNR.</b><br>01   | <b>DATO</b><br>16.02.15<br><b>REVIDERT DATO</b><br>11.03.15 |
| <b>PROSJEKTTITTEL</b><br>EL2-305 Bacheloroppgåve  | <b>TILGJENGE</b><br>Open  | <b>TAL SIDER</b><br>9                                       |
| <b>FORFATTARAR</b><br>Mie Neumann<br>Mariell Hermansen  | <b>ANSVARLEG RETTLEIAR</b><br>Oddbjørn Thune-Myklebust<br><b>PROSJEKTANSVARLIG</b><br>Nils Westerheim<br><b>RETTLEIAR</b><br>Joar Sande |   |
| <b>OPPDRAKGIVAR</b><br>Sunnfjord Energi AS  |   |   |
| <b>SAMANDRAG</b><br>Prosjektet omhandlar prosjektering av distribusjonsnett til eit nytt byggefelt på Sande. Hovudmålet med prosjektet er å utarbeida eit forslag til plassering av traséar og nettstasjon prosjektert i Netbas med tilhøyrande materialiste og kostnadsoverslag. Miljørisiko, magnetfelt og økonomisk tverrsnitt skal og utgreiast.<br><br>Forprosjektrapporten inneholder ei utgreiing av problemstillinga, plan for gjennomføring, prosjektadministrasjon og informasjon om nettsida.  |   |   |
| <b>SUMMARY</b><br>This project is about designing a distribution system for a new housing development in Sande. The main objective of the project is to place feeders and the substation in the projecting tool Netbas, and develop supplementary equipment list and cost estimation. In addition, we will account for environmental factors, magnetic fields, and economical dimensions.<br><br>This preliminary project report contains an assessment of the tasks, a progress plan, project administration, and information about the webpage. |   |   |
| <b>EMNEORD</b><br>Forprosjekt, prosjektering av distribusjonsnett, nettstasjon, bacheloroppgåve   |   |   |

## Innhold:

|   |   |
|---|---|
| 1 Samandrag .....                           | 2 |
| 2 Innleiing .....                           | 3 |
| 3 Problemstilling og gjennomføring .....    | 4 |
| 3.1 Bakgrunn .....                          | 4 |
| 3.2 Utgreiing av problemstilling .....      | 4 |
| 3.3 Avgrensingar.....                       | 4 |
| 3.4 Val av løysingar og gjennomføring ..... | 4 |
| 3.5 Framtidige utbyggingsar .....           | 5 |
| 3.6 Konklusjon .....                        | 5 |
| 3.6.3 Tittel .....                          | 5 |
| 3.7 HMS .....                               | 5 |
| 4 Prosjektadministrasjon.....               | 6 |
| 4.1 Framdrift.....                          | 6 |
| 4.2 Ressursar og økonomi .....              | 6 |
| 4.3 Milepælar .....                         | 7 |
| 4.4 Møte .....                              | 7 |
| 4.5 Dokumentstyring.....                    | 7 |
| 4.6 Nettside .....                          | 7 |
| 5 Organisering .....                        | 8 |
| 5.1 Oppdragsgivar .....                     | 8 |
| 5.2 Styringsgruppa.....                     | 8 |
| 5.3 Prosjektgruppa .....                    | 8 |
| 5.4 Arbeidsmetodar.....                     | 8 |
| 6 Lister .....                              | 9 |
| 6.1 Figurliste .....                        | 9 |
| 6.2 Tabelliste .....                        | 9 |
| 6.3 Vedleggsliste.....                      | 9 |
| 6.4 Referansar .....                        | 9 |

## 1 Samandrag

Prosjektet omhandlar prosjektering av distribusjonsnett med nettstasjon til eit nytt bustadfelt på Sande i Gauldal kommune. Prosjektet vert gjennomført for oppdragsgivar Sunnfjord Energi med dataprogrammet Netbas. Gjennomføring av prosjektet vil i tillegg til prosjektering i Netbas omfatta materielliste med økonomisk berekning, vurdera økonomisk tverrsnitt ved berekningar, miljørisiko og magnetfelt. Det vert også oppretta ei nettside i samband med gjennomføring av prosjektet.

Hovudmålet med prosjektet er å utarbeida eit forslag til distribusjonsnett for oppdragsgivar som skal innehalda fullstendig utgreiing med dokumentasjon av val. I denne prosessen skal alt arbeid utførast i henhold til Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet, REN, sine anbefalingar, samt anbefalingar frå Sunnfjord Energi.

Forslag til plassering av trasé og nettstasjon skal prosjekterast i Netbas. Matekablar og stikkablar til tomter skal teiknast inn, samt optimal plassering av Nettstasjon. Det skal utarbeidast ei fullstendig materielliste med økonomisk berekning frå REN, ein vurdering og berekning av økonomisk tverrsnitt samt samanlikning av oppdragsgivar sine anbefalingar. Miljørisiko og magnetfelt skal utgriast og vurderast.

## 2 Innleiing

Dette er ein forprosjektrapport for hovudprosjekt ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for ingeniør og naturfag våren 2015. Prosjektet utgjer 20 av totalt 180 studiepoeng som vert kravd ved ei bachelorgrad. Forprosjektet går over 3 til 4 veker.

Ved Steiafeltet i Gular kommune skal det førast opp 40 nye einebustadar og ein firemannsbustad. Sidan Sunnfjord Energi har områdekonsesjon her må dei bygga ut distribusjonsnettet for å levera straum til dei nye kundane.

I kapittel 3 har vi teke føre oss problemstilling og gjennomføring, i kapittel 4 prosjektadministrasjon, kapittel 5 budsjett, i kapittel 6 kan du lesa om organisering, i kapittel 7 finn du ei oversikt over alle vedlegg.

## 3 Problemstilling og gjennomføring

### 3.1 Bakgrunn

På Sande i Gauldalen kommune skal bustadfeltet Steiafeltet utvidast med 40 nye einebustadar og ein firemannsbustad. I det høvet vert det naudsynt for Sunnfjord Energi å bygga ut distribusjonsnettet til dei nye bustadane som vert oppført. Det er forventa byggestart hausten 2015.

### 3.2 Utgreiing av problemstilling

I samband med utbygginga i Steiafeltet må Sunnfjord Energi prosjektera eit nytt distribusjonsnett på staden. Det skal førast opp ein nettstasjon med transformator frå 22 kV høgspentkabel som skal forsyna lågspentnettet. Frå nettstasjonen skal det leggast matekablar og stikkablar til tomtene. Det skal også leggast ut trekkerør for fiber. Prosjekteringen skal gjennomførast i Netbas. Ved prosjektering skal ein vurdera økonomisk tverrsnitt ved berekning, men ein skal likevel nytta standardverdiar for tverrsnitt i utbygginga.

### 3.3 Avgrensingar

Dette prosjektet skal ta føre seg planlegging og prosjektering tilknytt utbygging av distribusjonsnettet i dette bustadfeltet. Det skal ikkje takast del i byggefase.

Vi fekk tildelt bacheloroppgåve seinare enn kva vi hadde tenkt, dette kjem moglegvis til å begrensa arbeidstidene våre, så vi trur ikkje vi klarar å få 500 timer pr. student.

Utgifter på inntil 1000 kr vert dekka av Høgskulen. Slik det er no ser vi ikkje føre oss nokre utgifter. Sunnfjord Energi AS har ordna tilgang til programvara me treng, samt arbeidsplass og pc-tilgang.

### 3.4 Val av løysingar og gjennomføring

I gjennomføringa av prosjektet skal vi følga gjeldande normer og forskrifter. Mest aktuell er Forskrift om Elektriske forsyningsanlegg, forkorta FEF. Til denne forskriften har REN utarbeida ein brukarguide som vi nyttar i prosjekteringsarbeidet. Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet AS, forkorta REN, utarbeider tekniske bransjebefalingar innanfor planlegging, prosjektering, montasje, drift og vedlikehald for alle som jobbar innan høgspennings- og lågspenningsdistribusjonsnett. [1] REN har også verktøy til å berekna totalkostnad for utbygginga av distribusjonsnettet som vi kjem til å nytta.

Nettstasjonen skal plasserast i sentrum av den nye delen av byggefeltet slik at kabelavstanden til dei ytste bustadane blir kortast mogleg for å avgrensa elektriske tap. Vi må sørge for at gjeldande forskriftskrav om spenningskvalitet og kortslutningsstraum blir overholden for alle bustadane. Programvaren vi nyttar i prosjekteringen har analysefunksjonar som bereknar desse verdiane. Dimensjonering av matekablar og stikkablar blir etter Sunnfjord Energi AS sin standard. Det skal føreliggja ei fullstendig materialliste med økonomisk berekning, og vi skal berekna økonomisk tverrsnitt. Miljørisiko og magnetfelt skal utgriast og vurderast.

Vi planlegg å legga kabeltraséen i same grøft som vatn- og avløpsrøyra. Dimensjonering og plassering av grøft skal utførast etter REN sine retningslinjer.

### 3.5 Framtidige utbyggings

Slik byggefeltet ser ut no reknar me med at det ikkje vert noko vidare utbygging enn det som ligg i reguleringsplanen. Om det vert knytt til nokre få einebustadar til, er det ledig kapasitet til det. Om det vert store utbyggings i feltet, er det uansett naudsynt med ein ny nettstasjon.

Oddbjørn Myklebust ser på det som lite truleg at det kjem ein hurtigladestasjon i byggefeltet. Om det likevel skulle kome ein hurtigladestasjon eller ein normal ladestasjon er det ledig kapasitet.

### 3.6 Konklusjon

#### 3.6.1 Hovudmål

Hovudmålet er å prosjektera utbygging av distribusjonsnett for Steiafeltet del 2.

#### 3.6.2 Delmål

Delmåla er å:

- Vurdera miljø, risiko og magnetfelt
- Plassera trasé og nettstasjon
- Utarbeida materialliste med mengdeberekning
- Berekna total kostnad og anleggsbidrag
- Vurdera økonomisk tverrsnitt

#### 3.6.3 Tittel

Tittel på prosjektet er: Prosjektering av distribusjonsnett i Steiafeltet.

### 3.7 HMS

Vi vurderer prosjektet som relativt risikofritt.

#### 3.7.1 Teknisk risiko

Det er ein risiko for dataproblem. Vi nyttar skylagringstenesta Dropbox til lagring av dokument, filene blir synkronisert til begge pc-ane i tillegg til Dropbox sine serverar. I tilfelle det blir rot med dokumenta tek Dropbox vare på endra og sletta filer i 30 dager. [2] Arbeidet vi utfører i Netbas er lagra på Sunnfjord Energi AS sine serverar som vi anser som trygt.

#### 3.7.2 Datasikkerheit

Vi er oppmerksam på at konfidensiell informasjon ikkje kan bli tilgjengeleg for utedkommande. Eksempel på konfidensiell informasjon er trasé for høgspentnett og kundeinformasjon.

#### 3.7.3 Helserisiko

Ved gjennomføring av prosjektet vil den største risikoen vera transport til arbeidsstad, skule, synfaringar, møter osv. For å minska risikoen ved transport føl vi trafikkreglar og nyttar setebelte.

Det er også ein fare at ein av studentane vert sjuke. Om det ikkje er alvorleg sjukdom går dette greitt, då vi har noko ekstra tid lagt inn om mindre sjukdom inntreff.

## 4 Prosjektadministrasjon

### 4.1 Framdrift

Sjå Gantt-skjema i vedlegg. Søndagen i arbeidsperioden oppsett i Gantt-skjemaet er fristen for å fullføra aktivitetane.

### 4.2 Ressursar og økonomi

Det skal nyttast om lag 500 timer per student. Prosjektet skal arbeidast med jamt, og det skal vera omlag 25 timer per student kvar veke. Vi fekk ikkje oppgåva før i slutten av januar og mista derfor tre veker, det er derfor ikkje sikkert vi når arbeidsramma på 500 timer per student. Det vert teke etterhald om at det kan bli noko færre timer per veke før prosjektering i Netbas startar opp.

Utgifter knytt til prosjektet omfattar køyring til synfaring, og eventuelt andre utgifter knytt til kontorrekvisita/utskrift. Høgskulen dekker utgifter på inntil 1000 kr pr. gruppe.

#### 4.2.1 Programvare

Oppdragsgivar Sunnfjord Energi har oppretta ein studentbrukar i Netbas som dei to prosjektgruppene med prosjekt hos Sunnfjord Energi må dela. Sunnfjord Energi skal setta opp ein pc med Netbas som er tilgjengelig innanfor deira kontortid. I samarbeid med den andre gruppa er tida delt slik at vår prosjektgruppe får tilgang til brukaren tysdag, onsdag og annankvar fredag.

Netbas er eit simuleringsverktøy utvikla av Powel As. Nettselskapa nyttar Netbas for å dokumentera, planleggja, analysera, simulera og holda oversikt over komponentar og anlegg i distribusjonsnettet. Vi kjem til å nytta Netbas til å prosjektera distribusjonsnettet, samt til å analysera det.

Sunnfjord Energi har også opprettet ein studentbrukar i REN med tilgang til kostnadskatalog som vi deler mellom prosjektgruppene.

REN, Rasjonell elektrisk nettvirkromheit, er ein nettstad der nettselskapa kan hente informasjon om ulike materiell og metodar. REN har også ein eigen brukarguide til Forskrift om elektriske forsyningsanlegg, FEF med kommentarar og tilvisingar til REN-blader. Vi kjem i hovudsak til å nytta oss av REN-blad, kostnadskatalog og brukarguiden til FEF.

#### 4.2.2 Timeplan

| Kl.         | Måndag  | Tysdag                | Onsdag   | Torsdag      | Fredag   |
|-------------|---------|-----------------------|----------|--------------|----------|
| 07.35-08.20 |         | Prosjekt              | Prosjekt |              |          |
| 08.30-09.15 | Lesedag | Matematikk 3/Prosjekt | Prosjekt | Matematikk 3 | Prosjekt |
| 09.20-10.10 | Lesedag | Matematikk 3/prosjekt | Prosjekt | Matematikk 3 | Prosjekt |
| 10.20-11.05 | Lesedag | Prosjekt              | Prosjekt | Matematikk 3 | Prosjekt |
| 11.15-12.00 | Lesedag | Prosjekt              | Prosjekt | Matematikk 3 | Prosjekt |
| 12.30-13.15 | Lesedag | Prosjekt              | Prosjekt | Prosjekt     | Prosjekt |
| 13.25-14.10 | Lesedag | Prosjekt              | Prosjekt | Prosjekt     | Prosjekt |
| 14.20-15.05 | Lesedag | Prosjekt              | Prosjekt | Prosjekt     | Prosjekt |
| 15:15-16:00 | Lesedag |                       |          | Prosjekt     |          |

Tabell 1: Timeplan som syner forventa arbeidsfordeling i løpet av ei veke.

Timeplanen i tabell 1 viser kor tid vi planlegger å arbeida med prosjektet. Tysdagar, onsdagar og annankvar fredag har vi tilgang til pc med Netbas hjå Sunnfjord Energi AS innanfor deira kontortider så dette blir fast arbeidstid. Elles kan timane fordelast slik det passar studentane.

## 4.3 Milepælar

| Milepæl                                  | Dato     |
|--|----------|
| Levera prosjektbeskriving                | 28.01.15 |
| Levera forprosjektrapport                | 13.02.15 |
| Levera hovedprosjekt                     | 22.05.15 |
| Plakat skal hengast opp                  | 26.05.15 |
| Framsyning                               | 28.05.15 |
| Ferdigstilling av nettside og opprydding | 05.06.15 |

Tabell 2: tabell over milepælar med datoar desse skal vera utført

## 4.4 Møte

Det skal gjennomførast uformelle møte i prosjektgruppa annankvar onsdag. Der skal vi bestemma kva arbeid som skal gjennomførast dei to komande vekene. Prosjektleiar kallar inn og skriv referat til kvart møte.

| Møteplan                        | Dato       |
|---------------------------------|------------|
| Moglege oppdragsgivarar         | 07.01.2015 |
| Kontakt med oppdragsgivar       | 21.01.2015 |
| Framgang og vidare i prosjektet | 04.02.2015 |
| Ferdigstilling av forprosjekt   | 16.02.2015 |
| Framgang og vidare i prosjektet | 04.03.2015 |
| Framgang og vidare i prosjektet | 18.03.2015 |
| Midtvegspresentasjon            | 30.03.2015 |
| Framgang og vidare i prosjektet | 15.04.2015 |
| Framgang og vidare i prosjektet | 29.04.2015 |
| Innlevering                     | 13.05.2015 |
| Presentasjon og plakat          | 25.05.2015 |
| Avslutting                      | 05.06.2015 |

Tabell 3: Møteplan med dato og emne for møtet.

## 4.5 Dokumentstyring

Gruppa har vald Dropbox som samarbeidsverktøy. Dropbox er nettlagringstjeneste der vi har oppretta ei delt prosjektmappe. Ulempa med Dropbox er at kun ein person kan redigera i same dokument samtidig, og det har ingen funksjon som viser om dokumentet er ope hos ein anna brukar. Vi må derfor kommunisera om kva dokument vi redigerer i for å unngå fleire versjonar av same dokument eller tapt arbeid. Om vi seinare ser behov for å redigera i same dokument kan vi nytte Office sin online redigering.

## 4.6 Nettside

Prosjektet har nettside med adresse <http://studprosjekt.hisf.no/~15steia>.

Nettsida skal innehalda framgang, beskriving av prosjektet, dokument (prosjektbeskriving, forprosjektrapport, rapport, pressemelding og plakat) og kontaktinformasjon. Nettsida blir oppretta som ein del av forprosjektet og ferdigstilt første veka i juni.

Vi har nytta Adobe Dreamweaver som er eit webutviklingsverktøy til å laga nettsida. Dreamweaver er eit visuelt verktøy som let ein skriva kode på ein intuitiv måte og legga til CSS filer som definerer utforming som skrifttypar, fargar osv. Nettsida er bygd på HTML 5 kode med fluid layouts slik at innhaldet tilpassar seg skjermstørrelsen og er dermed mobil- og nettbbrettvenleg.

## 5 Organisering

### 5.1 Oppdragsgivar


Oppdragsgivar er verksemda oppgåva vert utført for. Oppdragsgjevar for vårt prosjekt er Sunnfjord Energi AS som har områdekonsesjon til utbygging av distribusjonsnett i Sunnfjord.

### 5.2 Styringsgruppa

Styringsgruppa har det overordna ansvaret, og tek dei viktige avgjerdene i prosjektet. Gruppa består av prosjektansvarlig Nils Westerheim, rettleiar Joar Sande begge frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og ansvarleg rettleiar Oddbjørn Thune-Myklebust frå oppdragsgjevar Sunnfjord Energi AS.

### 5.3 Prosjektgruppa

Prosjektgruppa består av prosjektleiar Mie Neumann og Mariell Hermansen. Prosjektleiar har ansvar for at framdriftsplanen blir følgd, samt ansvar for hovudrapporten, forprosjektrapporten, møteinnkalling og møtereferat. Mariell Hermansen har ansvar for prosjektering i Netbas og nettsida. Resterande arbeidsoppgåver er gruppeleiar sitt ansvar, men arbeidet skal fordelast på dei to studentane.



Figur 1 organisasjonskart for gruppa

### 5.4 Arbeidsmetodar

Dette studentprosjektet er eit prosjekt som skal gjennomførast av oppdragsgivar i nær framtid. Vi har fått ansvar for ein stor del av prosjekteringen, og om oppdragsgjevar er nøgd med resultatet kan det verta realisert. Vi kjem til å jobba mykje sjølvstendig på prosjektet, men med fokus på god kommunikasjon med oppdragsgivar gjennom mail og møte. Det kjem til å bli ein periode der oppdragsgivar gir oss studentane ein gjennomgang i bruk av Netbas.

## 6 Lister

### 6.1 Figurliste

FIGUR 1 ORGANISASJONSKART FOR GRUPPA ..... 8

### 6.2 Tabelliste

TABELL 1: TIMEPLAN SOM SYNER FORVENTA ARBEIDSFORDELING I LØPET AV EI VEKE..... 6

TABELL 2: TABELL OVER MILEPÆLAR MED DATOAR DESSE SKAL VERA UTFØRT ..... 7

TABELL 3: MØTEPLAN MED DATO OG EMNE FOR MØTET. ..... 7

### 6.3 Vedleggsliste

GANTT SKJEMA.....VEDLEGG 1

### 6.4 Referansar

[1] Rasjonell Eletrisk Nettvirksomhet, Brukerguide FEF 2006, Rasjonell Eletrisk Nettvirksomhet, 2006.

[2] Dropbox, «Dropbox Help Center,» [Internett]. Available: <https://www.dropbox.com/help/122>. [Funnen 10 03 2015].

## Vedlegg 1

# Gantt-skjema

Periodehøydepunkt 1

## Plan

## Faktisk % fullfø

Faktisk (bak plan)

% fullført (bak plan)

# Bacheloroppgåver Sunnfjord Energi

## Oppgåve 1 – Aggregat-simulator

**Fag:** Automasjon og Elkraft (minst ein frå kvart fag)

**Tal personar:** 3-4

**Avdeling:** Produksjon

**Vegleiar:** Kjell Johnny Kvamme

95 98 90 33

*kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no*

**Budsjett:** 100'

**Eigar av resultat:** Sunnfjord Energi AS

**Tema:** #Turbinregulator #Kontrollanlegg #PLS #Kraftelektronikk #Funksjonsbeskrivelse #FAT #Testing #Testrigg

### Bakgrunn


Sunnfjord Energi AS har ti kraftstasjonar med totalt fjorten aggregat. Vi er godt i gong med ein langtidsplan for å modernisere og oppgradere kraftstasjonane. I tillegg til større revisjon av turbin og generator er det også vanlig å bytte ut kontrollanlegg og alle hjelpesystem. Vi ser at det er vanskeleg å teste ut kontrollanlegg og turbinregulator i forbindelse med FAT (Factory Acceptance Test). Vi ønskjer derfor å få bygt ein aggregatsimulator som simulerer eit kraftverk.



Figur 1 Typisk kontrollanlegg i ein kraftstasjon.

## Problemstilling

Vi ser føre oss ein PLS- eller FPGA-styr simulator som tar i mot signal frå kontrollanlegget som skal testast. Simulatoren skal so gi signal tilbake slik eit aggregat ville gjort i ein kraftstasjon. I tillegg ønskjer vi eit grensesnitt for å konfigurere type turbin og andre karakteristika ved anlegget som skal testast samt kommunikasjon med kontrollanlegget. I dette grensesnittet må det også vere mogleg å sende typiske feisignal til kontrollanlegget. Labview kan vere eit slikt grensesnitt.



Figur 2 Forslag til systemskisse for ein aggregatsimulator.

For å løye denne oppgåva må ein ha kompetanse både om korleis ein vasskraftturbin og -generator fungerer for å lage ein funksjonsbeskrivelse av virkemåten. Til å simulere straumen som kjem ut av generatoren må det nyttast utstyr som kan simulere tre fase spenning og straumsignal. Vi ønskjer ein testrigg som er mobil, dvs. montert i ei løysning som enkelt kan sendast når ein skal på reise.

Vegleiar og representant frå høgskulen skal utgjere styringsgruppa i prosjektet. Styringsgruppa skal gi tilslagn til økonomiske disposisjonar.

### Forslag til prosjektfasar:

1. Møglegheitsstudie  
*Hensikta med denne prosjektfasen er å gjøre seg kjent med problemstillinga og finne ulike konsept for utstyr som kan nyttast til oppgåva.*
2. Funksjonsbeskrivelse  
*Lage ein funksjonsbeskrivelse for Aggregatsimulatoren sin funksjon og grensesnitt.*
3. Design av HW & SW  
*Design av «testrigg»*
4. Montering og programmering av «testrigg»

Ved prosjektoppstart skal ein gjennomføre ein workshop der ein går igjennom problemstillinga og vurdere prosjektfasane som er føreslått. Det må også definerast mål, milepålar, kontrollstasjonar og styringsdokument for prosjektet.

## Oppgåve 2 – Steiafeltet del 2 – Sande, Gaular kommune

**Fag:**

Elkraft

**Tal personar:**

3

**Avdeling:**

Nett, Planavd.

**Vegleiar:**

Oddbjørn Thune-Myklebust

97 57 74 14

*oddbjorn.myklebust@sunnfjordenergi.no*

**Budsjett:**

Forutsetter at programleverandørar sponsar nødvendig tilgang/demo.

**Eigar av resultat:** Sunnfjord Energi AS

**Tema:** #Byggefelt#Nettilknytning#Distrbusjonsnett#22kV#Høyspentkabel#Nettstasjon#415 V  
#Matekabel#Stikkledning#REN#Miljø#Dimensjonering

### Bakgrunn

Gaular kommune har lagt ut reguleringsplan for nytt byggefelt. Før feltet blir lagt ut for sal skal kommunen etablere infrastruktur. Skogrydding, Veger, Vatn og avløp (VA) og straum. Kostnader for dette vert lag til tomtekostnad.


### Problemstilling

Det skal lages nødvendig plan og beregninger for utbygging av Distribusjonsnett:

- Høgspentkabel 22 kV
- Nettstasjon med trafo
- Lavspent matekabler og stikkabler til tomter.
- Trekkerør for fiber
- Kostnad - anleggsbidrag

Beregnes i NetBas eller tilsvarende program, REN- kostnadsoverslag og –samsvarserklæring plan. Ein må lage materielliste med mengebereking og vurdere økonomisk tverrsnitt, miljø, risikoanalyse, magnetfelt. Området skal prosjekterast etter FEF-2006 og andre krav frå t.d. DSB, Fylkesmannen miljøvernnavd., NEK 399 (Ecom –inntaksskap).

Utklipp av NetBas på liknande byggefelt:



## Oppgåve 3 – 22 kV Avgreining Kapstad, Bygstad.

**Fag:** Elkraft

**Tal personar:**

**Avdeling:** Nett, Planavd.

**Vegleiar:** Kurt Gjesholm

95 25 39 09

Kurt.Gjesholm@sunnfjordenergi.no

**Budsjett:** Forutsetter at programleverandørar sponsar nødvendig tilgang/demo.

**Eigar av resultat:** Sunnfjord Energi AS

**Tema:** #Småkraftverk#Nettilknytning#22 kV#Høyspentlinje#Miljø#Dimensjonering#Netlin#Netbas

### Bakgrunn


Selselva Kraft skal bygge et kraftverk som skal levere 5 MW produksjon (4,98 MW). Dei har fått konsesjon og er klar for bygging. Etter framdriftsplan skal dei ha nettilknytning 01.01.2016.

### Problemstilling

Høyspentnettet i området er ikkje dimensjonert for formålet og det må investeringar før nettilknytning. Det skal lages nødvendig plan og beregninger for framføring av 1 km 22 kV høyspentlinje (i dag 14 mastepunkt) eller -kabel. Fleire alternativ skal vurderes. Eit alternativ skal velgast og begrunnast.

Linja skal beregnes i NetBas eller tilsvarende program, Netlin, REN- kostnadsoverslag og – samsvarserklæring plan. Vurdering av Økonomisk tverrsnitt, Miljø, Risikoanalyse, Magnetfelt. Den skal prosjekterast etter FEF-2006 og andre krav frå NVE, DSB, Fylkesmannen miljøvernnavd, Statens vegvesen.

Utklipp av NetBas:



## AVTALE OM HOVUDPROSJEKT VED HSF-AIN

Dato: 10.03.2015

**Oppgåvetittel: Prosjektering av distribusjonsnett på Storehaugen**

Innvolverte i oppgåva:

**Studentar: Mie Neumann, Mariell Hermansen**

**Samarbeidande verksemد (inkl kontaktperson): Sunnfjord Energi AS, kontaktperson**

**Oddbjørn Thune-Myklebust**

**Prosjektansvarleg: Nils Westerheim**

**Styringsgruppe: Nils Westerheim, Joar Sande, Oddbjørn Thune-Myklebust**

Finansiering:

Sunnfjord Energi står for lisens av Netbas og REN. Hisf dekker inntil 1000 kroner i reisekostnadar.

Reglar for gjennomføring og bruk av resultatet:

Mellan studentane, HSF-AIN og Sunnfjord Energi AS er det inngått følgjande avtale:

- 1) Høgskulen kan ikkje, overfor eventuell ekstern samarbeidspartner, garantere sluttresultatet på eit studentprosjekt.
- 2) Ekstern samarbeidspartner skal ha kopi av rapporten.
- 3) Oppgåveresultatet, med rapport, teikningar, modell, apparatur, program osv: er Sunnfjord Energi AS sin eide dom. HSF sin bruk av resultatet/rapporten er avgrensa til undervisnings-, rekrutterings og forskningsformål, og skal utøvast i forståing med Sunnfjord Energi AS.
- 4) Student(ane) og ekstern samarbeidspartner godkjenner at rapporten kan kopierast til andre. Det skal lagast internettpresentasjon av prosjektet. AIN har høve til å redigere og nytte informasjon frå denne presentasjonen.
- 5) Deler av rapporten som eventuelt skal vere unntake offentlegheita, blir lagt i lukka vedlegg, og skal ikkje kopierast utan at det er henta inn særskilt avtale frå Sunnfjord Energi AS.
- 6) Rettane til utnytting av resultatet kommersielt eller ved dagleg drift tilfell Sunnfjord Energi AS.

**Reglane er aksepterte:**

HSF-AIN

Mari Hermansen

Samarbeidspartner

Mil Neumann

Mariell Hermansen

Student(ar)